

Åpning av det 140. Storting

President: K i r s t i K o l l e G r ø n d a h l

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg t i r s d a g d e n 3 . o k t o b e r k l . 1 3 i stortingssalen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosisjon av sivile og militære embetsmenn.

H a n s M a j e s t e t K o n g e n s tale til det 140. Storting ved dets åpning:

Ærede President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gagn for fedrelandet.

Regjeringens mål er et tryggere og mer rettferdig samfunn med arbeid for alle og økt livskvalitet for det enkelte menneske, og sikkerhet for Norge som nasjon. Et forpliktende samarbeid med partene i arbeidslivet står fortsatt sentralt i arbeidet med en varig forbedring av sysselsettingen og en rettferdig fordeling. Statsbudsjettet skal brukes aktivt for å jevne ut svingningene i økonomien og styrke sysselsettingen. For å trygge vår framtidige velferd og lette byrdene på neste generasjon, vil det i statsbudsjettet for neste år bli avsatt de første innskudd på Statens petroleumsfond. Den sterke satsingen på omsorg og helse føres videre og styrkes.

Kampen mot vold og narkotika vil bli videreført og forsterket. Regjeringen vil aktivt bekjempe fremmedfrykt og motsetninger mellom folk av ulik nasjonal og etnisk opprinnelse.

Arbeidet for fred og sikkerhet og en bærekraftig økonomisk og sosial utvikling er fellesoppgaver for alle land. Det internasjonale samarbeidet om disse spørsmål påvirker i stadig større grad vår hverdag, nasjonalt som lokalt. Norge skal fortsatt være en pådriver i internasjonalt miljøvernssamarbeid, og samtidig intensivere arbeidet med et sektorovergrepande miljøvernarbeid nasjonalt. Arbeidet for å bidra til bedret atomsikkerhet og å hindre radioaktiv forurensing vil bli gitt høy prioritet.

For å bidra til å fremme økonomisk vekst og sosial utvikling i utviklingslandene, redusere fattigdommen og bedre miljøet, vil norsk utviklingshjelp og nødhjelp bli opprettholdt på et høyt nivå.

Regjeringen vil fortsette sitt engasjement for å styrke De forente nasjoners fredsskapende arbeid. Behovet for militært nærvær fra FN's side er større enn noensinne, og Norges bidrag er betydelig.

FN's 50-årsjubileum i år må benyttes til å sikre økt internasjonal oppslutning om organisasjonen. Regjeringen vil videreføre Norges internasjonale engasjement i FN-regi.

NATO-samarbeidet står overfor nye utfordringer og må tilpasses den nye sikkerhetspolitiske situasjonen i Europa. Regjeringen vil videreføre Handlingsprogram-

met for Øst-Europa med hovedvekt på samarbeidet i Barents- og Østersjøregionen.

Regjeringen vil arbeide for at Organisasjonen for sikkerhet og samarbeid i Europa, i et nært samspill med FN, styrker det internasjonale apparat for meklings, konfliktløsning og fredsbevarende operasjoner. Regjeringen vil fortsatt delta aktivt i arbeidet for nedrustning, ikke-spredning av kjernevåpen og en omfattende prøve-stansavtale.

For å få et moderne forsvar fortsetter omorganiseringen av Forsvaret etter den opprinnelige planen.

Regjeringen vil styrke og videreutvikle det nordiske samarbeidet med sikte på bedre gjennomslag for nordiske synspunkter i europeisk og annet internasjonalt samarbeid.

Regjeringen vil arbeide for at EØS-avtalen skal være en stabil og effektiv avtale som sikrer norsk næringsliv adgang til Norges viktigste marked på lik linje med konkurrentene. De kontaktordninger Regjeringen har etablert overfor EU og de enkelte medlemsland, vil bli aktivt utnyttet.

Regjeringen vil arbeide for å styrke Verdens handelsorganisasjon (WTO) for å bidra til et effektivt fungerende internasjonalt regelverk som gir klare og forutsigbare rammer for handelen. Arbeidet med å fremme norsk eksport vil bli effektivisert og bedre samordnet.

Regjeringen vil videreføre arbeidet med å forvalte petroleumsressursene og petroleumsinntektene til beste for hele det norske samfunnet, innenfor rammene av hensyn til miljø, sikkerhet og fremtidige generasjoner. Eksport av norsk gass er et viktig bidrag for å redusere miljøforurensingen i Europa.

En aktiv nærings- og konkurransepolitikk skal bidra til økt verdiskaping og sysselsetting. Regjeringen vil legge til rette for økt bruk av informasjonsteknologi i alle samfunnssektorer.

Siden Stortinget la grunnlaget for en framtidsrettet jordbrukspolitikk for tre år siden, har utviklingen i næringen vært god samtidig som priser og overføringer til landbruket er vesentlig redusert. Denne politikken, som gir bedre miljø og bedre produktkvalitet, vil bli ført videre. Landbruket skal fortsatt spille en sentral rolle for å opprettholde bosetting og sysselsetting i hele landet.

Regjeringens arbeid for å sikre en bærekraftig og lønnsom forvaltning av ressursene i havet fortsetter. For å tilstrebe et stabilt og høyest mulig fangstuttak prioriteres kontroll både av norske og utenlandske fartøyers fiske i norske farvann. Regjeringen vil aktivt arbeide for løsninger på det uregulerte fisket som andre nasjoner driver på sild og torsk, innenfor rammen av FN-avtalen om fiske på det åpne hav.

Regjeringen vil arbeide for å skape konkurransevilkår og rammebetingelser som stimulerer til økt verdiskaping i fiskeri- og havbruksnæringen.

Regjeringen vil legge forholdene til rette for en videreutvikling av den maritime sektor.

Regjeringen vil fremme forslag til omlegging av beskatningen av kraftselskap. Det vil bli fremmet egen melding om boligbeskatning og taksering av boliger.

Regjeringen vil, i samarbeid med de ansattes organisasjoner, føre videre arbeidet med å utvikle en sterk, omstillingsdyktig og effektiv offentlig sektor. Hensynet til verdiskapingen, sysselsettingen og brukernes behov er retningsgivende for Regjeringens arbeid.

Kommunesektoren skal ha en inntektsutvikling som legger til rette for at kommuner og fylkeskommuner kan styrke nærmiljøene og velferden for den enkelte. Regjeringen vil legge fram forslag til forbedringer i inntektsystemet for kommuner og fylkeskommuner.

For å sikre arbeid og bosetting i hele landet, vil den regionale og distriktpolitiske innsatsen fortsatt bli holdt på et høyt nivå. Regjeringen vil satse sterkere på byfornyelse og bomiljøtiltak i storbyene.

Arbeidet med en handlingsplan for bevaring og bærekraftig bruk av det biologiske mangfoldet i Norge vil bli fullført.

Den positive utviklingen med økt gjenvinning og reduksjon av avfall skal fortsette. Arbeidet med å redusere helseskadelig støy og luftforurensninger, særlig i de større byene, vil bli intensivert.

Regjeringen vil styrke miljøvernforvaltningen på Svalbard.

Helsevesenets behandlingstilbud skal bygges videre ut, både gjennom økte bevilgninger, bedre organisering og økt samarbeid mellom sykehusene også på tvers av fylkesgrensene. Behandlingstilbudet til pasienter med kroniske sykdommer og psykiske lidelser vil bli prioritert.

Regjeringen vil legge til rette for utbygging av pleie- og omsorgstjenester for eldre og funksjonshemmede. Regjeringen vil legge vekt på en kvalitetsmessig god omsorg som også bygger på aktivitet og medansvar.

Arbeidet med å forberede skolestart for 6-åringer i en 10-årig grunnskole fra 1997 fortsetter. En ny læreplan for den 10-årige grunnskolen skal fastsettes. Bruk av de frigjorte plasser etter 6-åringene i barnehagene til småbarnsplasser, vil ha høy prioritet.

Gjennomføringen av Reform 94 fortsetter. Regjeringen vil prioritere arbeidet med å skaffe lærlingeplasser i privat og offentlig sektor.

Regjeringen vil prioritere et fortsatt høyt årlig opptak av nye studenter til universitetene og høyskolene.

Regjeringen vil foreta en bred gjennomgang av voksenopplæring og kompetanseutvikling i arbeidslivet. I tillegg til formidling vil opplæring og kvalifisering fortsatt være en hovedoppgave i arbeidsmarkedspolitikken. Det vil bli arbeidet aktivt for å få yrkeshemmede over i arbeid. Innsatsen overfor de langtidsledige vil bli styrket.

Regjeringen vil arbeide for en samordning av forskningsvirksomheten, en bedre kvalitetssikring, en mer effektiv kunnskapsformidling og en aktiv utnyttelse av det internasjonale forskningssamarbeidet. Forskning og innovasjon er avgjørende forutsetninger for nyskaping og omstilling i næringslivet. Regjeringen vil støtte denne type forskning og utvikling, men legger stor vekt på næringslivets eget engasjement.

Regjeringen vil fortsatt holde et høyt nivå på utbyggingen av infrastruktur innen transportsektoren. Hele landet skal sikres et godt og likeverdig tilbud av post- og

teletjenester med god service til lavest mulige kostnader. Regjeringen holder fast ved en luftfartspolitikk som skal sikre alle deler av landet et godt rutetilbud.

Regjeringen vil føre videre en helhetlig og miljøvennlig samferdselspolitikk som tar utgangspunkt i de ulike transportformenes fortrinn. Jernbane og annen kollektivtransport har høy prioritet, og det blir lagt stor vekt på trafikksikkerhet.

Flommen som rammet Østlandet i vår, forårsaket betydelige skader. Regjeringen utreder nå hvordan samfunnet kan stå bedre rustet neste gang naturkreftene utfordrer oss, og vil komme tilbake til Stortinget med dette.

Det vil bli fremmet forslag om å utvide foreldrepermisjonen ved flerbarnsfødsler og flerbarnsadoptionsjoner.

Likestillingspolitikken vil bli ført videre, blant annet med fortsatt vekt på å integrere likestilling på alle departementers fagområder og å fremme likestilling i nærings- og arbeidslivet.

Regjeringen vil prioritere arbeidet med å forebygge og bekjempe vold og mobbing blant barn og ungdom. Tiltak overfor barn og ungdom i de ni største byene og tiltak overfor utsatte grupper med innvandrerbakgrunn vil være sentrale i satsingen.

I kulturpolitikken videreføres innsatsen for å styrke den kulturelle infrastruktur og samordne menneskelige og økonomiske ressurser. Slik skal større deltakelse, økt kvalitet og bedre estetisk utforming av vårt miljø sikres.

Regjeringen vil styrke allmennkringkastingen og legge til rette for et levedyktig lokalt medietilbud.

Regjeringen vil videreføre en restriktiv alkoholpolitikk, og vil legge til rette for at det nye kontrollsystemet, som skal erstatte deler av Vinmonopolets virksomhet, blir effektivt.

Oppfølgingen av Regjeringens handlingsplan mot økonomisk kriminalitet og svart arbeid har høy prioritet.

Arbeidet med å få ned saksbehandlingstiden i straffesaker og å styrke ofrenes stilling fortsetter.

Det vil bli fremmet en stortingsmelding som grunnlag for en bred drøfting av praktiseringen av offentlig-hetsprinsippet.

De nordiske EU-landene har søkt observatørstatus i Schengen-samarbeidet med sikte på medlemskap. Regjeringen vil gjennom forhandlinger om norsk tilknytning til dette samarbeidet arbeide for at Den nordiske passunionen kan bestå, slik at fri bevegelse for nordiske borgere i nordiske land fortsatt sikres.

Regjeringen vil at Norge tar sin del av ansvaret for verdens flyktninger. Å gi beskyttelse til flyktninger vil være en viktig del av Norges bidrag, i første hånd i flyktingenes nærrområder, men også i Norge når det er nødvendig. Regjeringen vil legge til rette for at flyktninger skal kunne vende tilbake til sine hjemland, i trygghet.

Regjeringen vil arbeide for at også innvandrere og flyktninger gjennom deltakelse i arbeidslivet får brukt sine kunnskaper og blir økonomisk selvhjulpne. Gjensidig respekt og toleranse og økt forståelse for den enkeltes plikter og rettigheter må fremmes.

I samarbeid med Sametinget vil Regjeringen arbeide for å følge opp FNs internasjonale urbefolkningsstår. Det er vedtatt å sette i gang arbeid med en nordisk samekonvensjon.

Ved den foreslåtte fornyelse av den kirkelige lovgivningen vil Regjeringen videreføre kirkereformene med særlig sikte på å legge til rette for fortsatt levende og funksjonsdyktige lokalmenigheter.

Jeg ber Gud velsigne Stortingets gjerning, og erklærer Norges 140. Storting for åpnet.

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding. lesen av statsråd Hill-Marta Solberg.

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg har også det siste året teke aktivt del i det internasjonale samarbeidet for å fremje fred, stabilitet og tryggleik.

Samarbeidet og kontaktane mellom Noreg og Russland er styrkte. Samtidig har Regjeringa prøvd å veve det tosidige samarbeidet inn i regionale, europeiske og breiare internasjonale samarbeidsordningar. Regjeringa har presentert ein handlingsplan for auka satsing for å betre tryggleiken ved atominstallasjonar for å førebyggje radioaktiv ureining, særleg i Nordvest-Russland. Handlingsplanen følgjer opp stortingsmeldinga om atomverksemd og kjemiske våpen i dei nordlege områda våre.

Regjeringa ser på det samarbeidet som ein har etablert i Barentsregionen, som ein viktig og integrert del av norsk politikk overfor Russland. Samtidig har Regjeringa prøvd å skape større interesse for Barentssamarbeidet i land utanfor regionen.

Nordisk samarbeid er ein viktig reiskap for å fremje våre nasjonale interesser, både regionalt og i ein breiare internasjonal samanheng. Nyorienteringa av det nordiske samarbeidet under leiing av statsministrane er ført vidare i 1995.

Dei nordiske statsministrane peikte i januar 1995 ut hovudprioriteringane for det nordiske samarbeidet dei nærmaste åra. Ei særskild arbeidsgruppe med representantar for dei nordiske regjeringane og parlamenta utarbeidde etter folkerøystingane om EU-medlemskap i Noreg, Sverige og Finland ein rapport om «Nordisk samarbeid i ei ny tid». Statsministrane og Nordisk Råd slutta seg under sesjonen i Reykjavik til dei måla og prioriteringane som ligg til grunn for rapporten frå reformgruppa, og til hovudtrekka i framlegget om organiseringa av samarbeidet. Utviklinga har vist at det nordiske samarbeidet ikkje er eit alternativ til, men ein del av det breiare europeiske samarbeidet. Det nordiske samarbeidet vil bli konsentrert om tre hovudområde: Norden, Norden og Europa/EU/EØS og Norden og nær-områda.

Ei felles nordisk avtale om tilgjenge til høgare utdanning tok til å gjelde i mars 1995.

Etter folkerøystinga om EU i november 1994 har Regjeringa arbeidd aktivt for å etablere kontakt- og samarbeidsordningar med det utanriks- og tryggingspolitiske samarbeidet i EU-landa. EU og dei EFTA-landa som er med i EØS, er blitt samde om ordningar for ein politisk dialog på stats- og utanriksministernivå og på ekspertnivå på sentrale utanrikspolitiske område. Ordningane legg også grunnlag for samarbeid med EU-landa innanfor internasjonale organisasjonar som FN og OSSE og i tredjeland. Den tosidige kontaktordninga om utanrikspolitiske spørsmål mellom Noreg og EU frå 1988 er også ført vidare. Noreg følgjer gjennom EØS aktivt med i dei politiske prosessane som finn stad i EU fram mot regjeringskonferansen i 1996.

Noreg har teke aktivt del i arbeidet i NATO-alliansen for å vidareutvikle samarbeidet med Russland og dei sentral- og austeuropeiske landa. Både Partnerskap for fred (PFP) og Det nordatlantiske samarbeidsrådet (NACC) hjelper til i reformprosessane i Sentral- og Aust-Europa. Samtidig har Noreg lagt vekt på at NATO-ens evne til å utføre dei primære forsvarsoppgåvene sine ikkje blir redusert som ei følge av at alliansen tek på seg nye forsvarsoppgåver.

Dei sterke transatlantiske banda til USA og Canada er haldne oppe. Blant våre allierte har USA framleis den viktigaste rolla i norsk forsvarsplanlegging når det gjeld militære forsterkingar.

Noreg har teke del i arbeidet i alliansen med å utvikle ein europeisk forsvars- og tryggingspolitisk identitet gjennom Den vesteuropeiske unionen (VEU), som samtidig er den europeiske pilaren i NATO. Vår assosierte status i VEU gjev oss høve til å fremje norske synspunkt på eit tidleg tidspunkt i den interne VEU-debatten.

Regjeringa har aktivt støtta arbeidet i alliansen for å hindre spreiding av masseødeleggingsvåpen.

NATO yter monalege bidrag til å gjennomføre vedtaka i Tryggingrådet som gjeld det tidlegare Jugoslavia, og alliansen gjev omfattande militær støtte til UNPROFOR. Regjeringa har støtta denne politikken.

Betre bruk av fredsbevarande operasjonar i konfliktsituasjonar har vore eit sentralt tema både i FN, OSSE og NATO. Noreg har engasjert seg aktivt i arbeidet for å utvikle den rolla fredsstyrkane skal ha, og betre leiinga av fredsoperasjonane til FN. Deltakinga vår i UNPROFOR i Bosnia-Herzegovina er utvida, medan vi har avvikla engasjementet vårt i UNOSOM i Somalia. Deltakinga i UNIFIL i Libanon held fram. Norsk politikk er engasjert i stadig fleire fredsbevarande operasjonar og har m.a. gjort sitt til at det vart avvikla eit vellykka demokratisk val i Mosambik i 1994.

Regjeringa har engasjert seg aktivt for å fremje reformer på det administrative området i FN-systemet og sikre finansieringa av sentrale oppgåver.

Noreg har også spela ei aktiv rolle i fredsprosessen i Midtausten. Noreg har leidd arbeidet med internasjonal hjelp til det palestinske folket gjennom formannskapet i den internasjonale samordningskomiteen. Ei av hovudoppgåvene har vore å finansiere oppstartingskostnadene for den palestinske administrasjonen. Skipinga av ein

palestinsk politistyrke i Gaza og i Jeriko har vore ein viktig del av den norske innsatsen.

Noreg har vore ein pådrivar i fredsprosessen i Guatemala. Etter at det i 1994 vart skrivne under to delavtaler i Oslo, vart geriljarørsla URNG og guatemalanske styresmakter samde om ei avtale om rettane til indianarane.

Regjeringa har teke aktivt del i arbeidet for å få slutt på konfliktane i det tidlegare Jugoslavia. Noreg har ført vidare sin store humanitære innsats og utvida det norske bidraget til dei fredsbevarande FN-styrkane.

Regjeringa har arbeidd aktivt både tosidig og i FN for å styrkje respekten for menneskerettane. Vern om ytringsfridommen, situasjonen for urfolka og oppbygging av demokratiske institusjonar har vore prioriterte område. Regjeringa har som ledd i dette arbeidet halde fram med det aktive engasjementet for å få oppheva dødsdommen mot forfatternen Salman Rushdie.

Sentrale innsatsområde for norsk humanitær bistand har vore nødhjelp til krigsoffer i det tidlegare Jugoslavia og støtte til fredsskapande tiltak i Midtausten. Støtte til nødhjelpstiltak i Afrika blir vidareført på eit høgt nivå. Andre prioriterte område omfattar Kaukasus, Mellom-Amerika og Kambodsja.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om flyktningpolitikk. Det blir lagt vekt på å sjå flyktningarbeidet nasjonalt i samheng med innsatsen ute. Ut frå målet om å hjelpe flest mogleg flyktningar i nærområda deira vil innsatsen der bli prioritert i aukande grad.

Det høge nivået i norsk utviklingshjelp og humanitær bistand har vore ført vidare. Dei samla utbetalingane i 1994 var 8 022 mill. kr og utgjorde 1,05 % av bruttonasjonalinntekta (BNI). Det er ein auke på 11,5 % i forhold til 1993. Noreg er det OECD-landet som gjev størst del av BNI til bistand.

Afrika er framleis den regionen som tek imot mest tosidig hjelp frå Noreg. Den politiske og økonomiske utviklinga blir følgd nøye, og frå norsk side har ein engasjert seg aktivt i demokratiseringsprosessen i fleire av samarbeidslanda våre i det sørlege og austlege Afrika.

Utbetalingane til multilaterale organisasjonar var omtrent som året før. Dei største mottakarane var FN-utviklingsprogrammet (UNDP), Det internasjonale utviklingsfondet (IDA) og FNs internasjonale barnefond (UNICEF). Arbeidet med reformer i bistandsverksemda til FN tok eit monaleg steg framover gjennom vedtaket om eit nytt planleggingssystem for bruken av hjelpa frå UNDP.

Noreg tok aktivt del på FN-toppmøtet i København i mars 1995 om sosial utvikling og på FN-kvinnekonferansen i Beijing i september 1995. Det er gjeve støtte til den parallelle FN-konferansen som vart halden samtidig i Beijing.

Nord-sør-bistandskommisjonen, som har vurdert strategiar og verkemiddel for framtidig norsk nord-sør-bistandspolitikk, har levert rapport.

Avtala om Verds handelsorganisasjonen (WTO-avtala) er sett i verk. Den inneber ei styrking av det glo-

bale handelsregelverket. Regelverket er utvida til å omfatte handel med tenester og vern om immaterielle rettar. Det er også oppnådd semje om ei mellombels avtale om handel med finansielle tenester. Noreg tek aktivt del i tingingane om m.a. skipsfartstenester. Etter framlegg frå m.a. Noreg står tilhøvet mellom handel og miljø på dagsorden i WTO.

Noreg har skrivne under ei OECD-avtale om normale konkurransevilkår i skipsbyggingsindustrien. Hovudelementet er at all direkte og indirekte støtte til skipsbyggingsindustrien skal ta slutt frå neste år. Regjeringa har lagt fram ein proposisjon om samtykke til ratifikasjon av avtala.

Presse- og profileringsarbeidet overfor viktige målgrupper i utvalde land har hatt høg prioritet. Gjennom m.a. mediekampanjar og pressebesøk frå utlandet er det satsa mykje på å halde ved lag eit positivt bilete av Noreg i utanlandske medium. Det er gjennomført fleire større kultursatsingar i utlandet, m.a. «Hamsun-dagar» i Frankrike, «Norske dagar» på Jylland og ei norsk/nordisk kulturmonstring i Spania.

Etter Estonia-ulykka er det lagt ned eit stort arbeid både nasjonalt og internasjonalt for å betre tryggleiken på ro-ro passasjerferjer.

Intensivert kontroll med norske og utanlandske skip i norske hamner er ført vidare.

Refusjonsordninga for å sikre sysselsetjinga for norske sjøfolk er ført vidare i 1995.

I Antarktis har Regjeringa halde fast ved dei norske suverenitetskrava og deltek framleis aktivt i samarbeidet under Antarktis-traktaten.

Regjeringa arbeider aktivt for å styrkje det arktiske samarbeidet om miljøvern. Det er no semje om å skipe eit Arktisk råd.

Noreg har teke aktivt del i arbeidet i FN-kommisjonen for berekraftig utvikling. Kommisjonsmøtet i april var eit viktig ledd i oppfølginga av vedtaka frå Rio-konferansen. Hovudsaker har vore berekraftig produksjons- og forbruksmønster og berekraftig bruk av skogane i verda.

Regjeringa har arbeidd aktivt, m.a. i Den internasjonale kvalfangstkommissjonen, for å skape større forståing for norsk ressursforvaltning og tradisjonell fangst av vågekval i samsvar med vitskaplege tilrådingar.

FN-konferansen om fiske på det opne havet har ført til semje om reglar for forvaltning av fiskeressursane på desse områda.

Noreg har teke aktivt del i det energipolitiske samarbeidet innanfor m.a. Det internasjonale energibyrådet (IEA) og Det europeiske energicharteret, og tosidig i høve til andre petroleumseksporterande land. Noreg har skrivne under sluttakta og traktaten som gjeld Den europeiske energichartertraktaten.

EØS-rådet har stadfesta at innhaldet i EØS-avtala ikkje blir endra etter at Finland, Sverige og Austerrike vart EU-medlemmer. Det er gjort naudsynte justeringar i avtala om overvakingsorganet ESA og EFTA-domstolen. Også Liechtenstein har vorte part i EØS-avtala.

Noreg har spelt ei sentral rolle i å byggje opp og vidareføre eit alleuropeisk frihandelssystem som også omfattar dei sentral- og austeuropeiske landa. Alle frihandelsavtalene har teke til å gjelde og vil bli vidareførte etter at Sverige, Finland og Austerrike vart EU-medlemmer.

I samband med EFTA-ministermøtet i Bergen i år deltok også dei baltiske statane og Slovenia. I samband med dette vart frihandelsavtala mellom EFTA og Slovenia underskriven.

Som ei følge av at Finland, Sverige og Austerrike gjekk inn i EU, vart Noreg pålagt auka toll ved eksport av fisk og landbruksvarer til desse landa. Det er forhandla med EU for å sikre denne tradisjonelle eksporten. På fiskeriområdet er det gjort avtaler om årlege tollfrie kvotar på til saman 70 950 tonn for norsk eksport til EU. Det er etablert tollfrie kvotar med sikte på å halde oppe handelsstraumane for landbruksvarer.

Regjeringa har utvikla ein Asia-strategi i nært samarbeid med næringslivet der ein tek sikte på skape grunnlag for eit sterkare norsk næringslivsengasjement, i første rekkje innanfor dei prioriterte sektorane: olje og gass, miljøteknologi, vasskraft, skipsutstyr, informasjonsteknologi medrekna telekommunikasjonar, og dertil fiske.

Gjennom Handlingsprogrammet for Aust-Europa har Regjeringa ført vidare arbeidet med å utvikle demokratisk styre og marknadsoverrettede økonomiar i desse landa. For 1995 er det sett av 373 mill. kr. Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om røynslene med prosjektsamarbeidet for 1992—95.

Som ledd i det handelsfremjande arbeidet overfor Sentral- og Aust-Europa har Noreg hatt tosidige økonomiske konsultasjonar med Romania, Tsjekkia, Polen og Ungarn. Det vart halde møte i blanda komitear med Estland, Latvia og Litauen.

Det er forhandla fram investeringsvernavtaler med Kviterussland og Ukraina.

Eiterspørselen etter garantiar frå GIEK har vore aukande på grunn av dei nye rammevilkåra. Det er innført nye rammevilkår for garantiordninga for SUS og Baltikum. Endringane i vilkåra har gjort det mogleg å få garanti for eksport til desse landa utan å ha statleg motgaranti.

Regjeringa har, etter at eksportavgifta vart avvikla i 1994, gått igjennom Noregs Eksportråds finansiering og organisering av det eksportfremjande arbeidet ute og heime.

Noreg har teke aktivt del i det internasjonale eksportkontroll-samarbeidet for å hindre spreing av masseødeleggingsvåpen og rakettar. Noreg leier drøftingane om retningslinjene for det nye multilaterale forumet for eksportkontroll.

Omstillinga i Forsvaret, som skal gje ein ny og moderne struktur, går etter planen. Det blir lagt stor vekt på å redusere kostnadene ved drifta i Forsvaret, slik at det ein sparer, kan brukast til investeringar i nytt utstyr.

I samband med omstillinga er det oppretta ein ressursorganisasjon for å hjelpe overtalig personell.

Som eit ledd i å effektivisere den offentlege forvaltninga har Forsvarets bygningsteneste og Forsvarets forskingsinstitutt fått ei friare organisatorisk stilling.

Regjeringa legg stor vekt på å vidareføre Noregs internasjonale engasjement i FN-regi. Behovet for at FN er til stades militært, er større enn nokon gong, og Noregs bidrag er monaleg, også sett i høve til andre land.

At Noreg tek del i internasjonale fredsoperasjonar, har effekt og blir lagt merke til. Det vil vere eit stort aktivum for oss dersom vi sjølve nokon gong skulle trenge militær hjelp.

Folketalet i Noreg 1. januar 1995 var 4 348 400. I 1994 auka folketalet med 23 600. I første halvår 1995 var tilveksten 11 500. Fødselstalet auka med 400 til 60 100 i 1994, som tilsvarende 1,87 barn pr. kvinne. Talet på døde i 1994 var 44 100, det lågaste talet sidan 1986. Det gjev ein forventet levealder på 74,9 år for menn og 80,6 år for kvinner.

I 1994 flytta 26 900 personar til Noreg, medan 19 500 flytta ut. Innflyttingsoverskottet på 7 400 var 5 400 lågare enn året før, først og fremst fordi det kom færre flyktningar frå Bosnia.

Ved årsskiftet 1994/95 var 13,4 % av dei som budde her i landet, 67 år eller eldre. Denne delen av befolkninga nådde ein topp på 14,4 % i 1992. Dei på 80 år og over utgjorde 4,0 %, og denne gruppa aukar jamt. Dei under 16 år utgjorde 20,6 %, og også denne delen av befolkninga aukar framleis noko.

Pr. 1. januar 1995 var det registrert 164 000 busette i Noreg med utanlandsk statsborgarskap. Av desse er 90 700 frå europeiske land utanom Noreg. Ein etter måten låg auke frå året før på 1 700 heng saman med at langt fleire enn vanleg (8 800) fekk norsk statsborgarskap.

Produksjonen av olje, gass og NGL på den norske kontinentalsokkelen i 1994 var 155,2 mill. tonn oljeekvivalentar, mot 143,0 mill. tonn i 1993. Dei sju første månadene av 1995 var produksjonen 94,4 mill. tonn oljeekvivalentar, ein auke på 5,1 % frå same perioden i 1994.

Pr. 31. desember 1994 er det i alt påvist at det er att 5,1 mrd. tonn oljeekvivalentar av dei ressursane som er oppdaga. Ressursstatusen i Oljedirektoratet viser at tilveksten av olje og gass var større enn uttaket frå 1993 til 1994. Med dagens nivå for uttak av petroleum har Noreg att oppdaga ressursar som svarer til om lag 20 års oljeproduksjon og om lag 110 års gassproduksjon.

Investeringskostnadene i oljeutvinning og rørtransport kom i 1994 opp i 54 mrd. kr, som i volum er 7,6 % lågare enn året før. Det var i hovudsak eit fall i investeringsnivået for feltutbyggingar som var grunnen til dette. Den norske delen av leveransane til feltutbygging har dei siste åra ligge på 50–70%.

Det totale salet av petroleumsprodukt var i 1994 8 516 mill. liter. Det er ein auke på nesten 4 % frå 1993. Totalsalet i første halvår 1995 var på 4 233 mill. liter, mot 4 136 mill. liter i den same perioden i 1994. Hitil i år er knapt 93 % av bensinsalet blyfri bensin.

Produksjonen av elektrisk kraft i 1994 var 113,5 mrd. kilowatt-timar (TWh). Det er 5,4 % mindre enn i 1993.

I første halvår av 1995 var produksjonen 61,7 TWh, ein auke på 4,8 %. I 1994 var det eit eksportoverskott på 0,1 TWh, mot 7,8 TWh i 1993. Hittil i år er eksporten av kraft 2,2 TWh høgare enn importen.

Bruttoforbruket av elektrisk kraft første halvår av 1995 gjekk ned med 1 % samanlikna med same perioden i 1994. I tolv månadersperioden juli 1994 til og med juni 1995 var bruttoforbruket 112,7 TWh, ein nedgang på 2,7 %.

Den reviderte nasjonalrekneskapsstatistikken for 1994 viser at bruttoinvesteringane i fast kapital i varehandelen gjekk ned med over 2 % frå 1992 til 1993 for så å auke med vel 24 % frå 1993 til 1994, målt i faste prisar. Etter fleire år med nedgang i sysselsetjinga i varehandelen var det ein oppgang i 1994.

I første halvår 1995 gjekk det omsette volumet i detaljhandelen totalt opp med 5,1 % samanlikna med samme periode i fjor.

Overnattingsstatistikken for hotell- og andre overnattingsverksemdar synte ein vekst i 1994 på knapt 5%. I alt er det registrert om lag 14,7 mill. gjestedøgn i 1994, og av desse stod nordmenn for om lag 66 %. For første halvåret av 1995 har utanlandske gjestedøgn ved hotella gått ned med 1 %. Frå 1989 til 1994 har talet på gjestedøgn i hotellbransjen auka med heile 26,4 %. Dei totale reisevalutainntektene til Noreg i 1994 var på over 15 mrd. kr, vel 14 % høgare enn i 1993.

Førebels oppgåver over varebyttet med utlandet viser at verdien av innførsla utanom skip og oljeplattformer i dei åtte første månadene av 1995 var 131 mrd. kr. Verdien var 12,3 mrd. kr meir enn i fjor. Verdien av utførsla utanom skip og oljeplattformer var dei åtte første månadene av 1995 166 mrd. kr, eller 16,8 mrd. kr høgare enn i 1994. Av utførsla i dei åtte første månadene av 1995 utgjorde råolje og gass 72,0 mrd. kr, mot 68,6 mrd. kr i fjor. Handelsbalansen med utlandet for Fastlands-Noreg synte dermed eit underskott på 37 mrd. kr dei åtte første månadene i år, mot 38 mrd. kr i 1994.

For perioden januar–juni 1995 syner førebels tal for driftsrekneskapen overfor utlandet eit overskott på 13,4 mrd. kr, mot 7,3 mrd. kr for same perioden i fjor. For varer og tenester var det eit eksportoverskott på 27,9 mrd. kr for januar–juni 1995, mot 23,5 mrd. kr i første halvår i fjor. Eksportoverskottet i første halvår 1995 fordeler seg på varer med 25,3 mrd. kr og på tenester med 2,6 mrd. kr. Konsumprisindeksen auka med 2,2% frå august 1994 til august 1995.

Rente- og stønadsbalansen viser eit underskott på 14,5 mrd. kr i januar–juni 1995, mot 16,2 mrd. kr i januar–juni 1994.

Noregs nettogjeld overfor utlandet gjekk ned med 25,2 mrd. mill. kr i januar–juni 1995. Skilnaden mellom overskottet på driftsbalansen og endringa i nettogjelda er omvurderingar av fordringar og gjeld netto, i hovudsak på grunn av valutakursendringar. Nettogjelda overfor utlandet ved utgangen av juni 1995 var etter dette vel 4 mrd. kr.

Den samla bruttogjelda publikum hadde til innanlandske og utanlandske kjelder, auka med 3,0 % dei

siste tolv månadene fram til utgangen av mai i år, medan tolv månadersveksten ved utgangen av fjoråret var 1,2 %. Pengemengda voks med 6,6 % i 1994. Dei siste tolv månadene fram til utgangen av juli i år auka pengemengda med 6,5 %.

Trass i at dei formelle svingingsmarginane for verdien av den norske krona vart oppheva 10. desember 1992, har det operative målet for pengepolitikken i tida etterpå vore ein stabil valutakurs. Det vart også nedfelt i den nye valutaforskrifta som vart fastsett i mai 1994. Kronekursen har vore relativt stabil i tida etter 10. desember 1992, og verdien ligg i dag om lag 3,1 % under den tidlegare sentralverdien mot ECU.

Både norske og internasjonale renter auka kraftig i det meste av 1994, men renteauken var sterkare i Noreg enn i dei fleste andre land. Men mot slutten av fjoråret tok norske renter til å gå kraftig ned. Dei kortsiktige rentene, som låg på om lag 7,5 % i november i fjor, hadde falle til 5,5% i midten av september i år. Det svarer til eit rentenivå om lag 1,25 prosentpoeng høgare enn dei tyske rentene og 0,25 prosentpoeng lågare enn ECU-rentene.

Dei langsiktige rentene i Noreg har falle med om lag 1,75 prosentpoeng sidan november og ligg no på om lag 6,5 %. Men det har vore ein markert nedgang i obligasjonsrentene i andre europeiske land òg. Dei norske rentene ligg dermed om lag 0,25 prosentpoeng lågare enn dei gjennomsnittlege rentene i ECU-landa, medan dei tyske rentene er 1 prosentpoeng lågare enn dei norske.

Noregs Bank har ikkje endra utlåns- eller innskottsrentene til bankane sidan februar i fjor. Frå byrjinga av 1995 og fram til midten av september hadde Noregs Bank netto kjøpt valuta som svarer til 4,7 mrd. kr. Banken hadde ved utgangen av august internasjonale reserver på 144,1 mrd. kr.

Den gjennomsnittlege renta på utlån frå bankane gjekk markert ned frå byrjinga av fjoråret og fram til utgangen av tredje kvartal i fjor. Fram til utgangen av andre kvartal i år fall renta med nye 0,3 prosentpoeng til 7,9 %. Innskottsrenta i bankane var 4,0 % i gjennomsnitt ved utgangen av andre kvartal i år, det same som ved utgangen av september i fjor. Rentemarginen vart såleis redusert med 0,3 prosentpoeng til 3,9 % i denne perioden.

Det er oppnemnt eit utval som skal vurdere kva rolle skatte- og avgiftspolitikken kan ha for å oppnå både auka sysselsetjing og eit betre miljø sett i eit lengre perspektiv. Det er i samband med dette sett i gang ei rekkje utgreiingar som skal kaste lys over kva skatte- og avgiftspolitikken har å seie for sysselsetjing og miljø både på makronivå og for enkeltbransjar.

Sysselsetjinga auka monaleg gjennom 1994, og var i gjennomsnitt 2 035 000 personar. Det er ein auke på 1,5 %, eller om lag 30 000 personar samanlikna med 1993. Heile sysselsetjingsveksten i 1994 kom i aldersgruppa 25–54 år og var om lag jamt fordelt på kvinner og menn. Det var sysselsetjingsvekst både i privat og offentleg sektor. Sysselsetjinga innanfor industrien auka

for første gong på 7 år. Den positive sysselsetjingsveksten har halde fram i 1995.

Den auka etterspørselen etter arbeidskraft har vore med på å redusere talet på arbeidsledige. Frå 1993 til 1994 minka talet på registrerte ledige med 8 000 personar, medan det i dei åtte første månadene i år låg på om lag 8 400 personar under nivået i den tilsvarende perioden i fjor. Dei registrerte arbeidsledige utgjorde gjennomsnittleg 5,0 % av arbeidsstyrken i første halvår i år fordelt med 5,3 % for menn og 4,6 % for kvinner. Talet på ledig ungdom under 24 år er monaleg redusert. I tillegg til den auka etterspørselen skuldast dette dels demografiske forhold og dels ungdomsgarantien som sikrar ungdom under 20 år tilbod om skoleplass, arbeid eller arbeidsmarknadstiltak. Om lag 1/3 av dei ledige er langtidsledige.

I tråd med den betra situasjonen på arbeidsmarknaden er arbeidsmarknadspolitikken lagd om. I 1995 blir det særleg lagt vekt på formidlingsinnsatsen, slik at det raskt kan bli tilsett folk i ledige stillingar. Talet på tiltaksplassar for ordinære arbeidssøkjjarar er redusert sidan 1993. I 1995 er det lagt opp til 47 500 tiltaksplassar i gjennomsnitt. Prioriterte målgrupper på tiltak er langtidsledige og ungdom.

I første halvår 1995 var 54 600 yrkeshemma registrerte ved arbeidskontora. Vel tre firedelar var på tiltak. Innsatsen overfor personar under yrkesretta attføring har vore eit satsingsområde i tråd med st.meld. nr. 39 for 1991–92.

Driftsgrunnlaget og rammevilkåra for norske bedrifter endrar seg raskt som følgje av mellom anna marknadsendingar og teknologiske, økonomiske og politiske endringar nasjonalt og internasjonalt. Med dette som utgangspunkt vart det i mai 1995 sett ned eit utval som skal greie ut problemstillinga: «Kva er viktige utfordringar for norsk næringsliv – korleis bør politikken til styresmaktene innrettast slik at grunnlaget for utvikling i næringslivet og evna til å møte utfordringar i framtida kan styrkjast?» Utvalet skal komme med innstilling 1. juni 1996.

I februar vart den 15. konsesjonsrunden på norsk kontinentalsokkel utlyst. Utlysinga omfatta 56 blokker i Nordsjøen og Norskehavet. Norskehavet representerer utfordringar i form av store havdjup og ukjend geologi. I juni mottok Nærings- og energidepartementet søknad om tildeling av utvinningsløyve frå 19 selskap. Ein tek sikte på å tildele nye utvinningsløyve i den 15. konsesjonsrunden ved årsskiftet 1995/96.

Regjeringa la i juni fram ein odelstingsproposisjon med framlegg til endringar i lov av 22. mars 1985 nr. 11 om petroleumsverksemd ved at ein tek inn direktiv 94/22/EF frå Europaparlamentet og Rådet om vilkår for tildeling og bruk av løyve for leiting etter og utvinning av hydrokarbon (konsesjonsdirektivet), Vedlegg IV Energi i EØS-avtala. Lova vart vedteken i Stortinget i juni 1995 og tek til å gjelde den dag Kongen fastset. Endringane i petroleumslova inneber i hovudsak tekniske tilpassingar for at lova skal samsvare med det direktivet fastset.

Plan for utbygging og drift av funna Vigdis og Yme vart godkjend ved kongeleg resolusjon i desember 1994 og i januar 1995.

Endra plan for utbygging og drift for Valhall-feltet vart godkjend ved kongeleg resolusjon i juni 1995.

Plan for utbygging og drift av funna Loke trias og My i Sleipner-området vart godkjend ved kongeleg resolusjon i august 1995.

Stortinget godkjende plan for utbygging og drift av funna Norne og Njord i mars 1995 og juni 1995.

Ved kongeleg resolusjon av januar 1995 vart plan for anlegg og drift for ein ny rørleidning for naturgass (Zeepipe IIB) frå Kollsnes til stigerørplattforma 16/11-E i Nordsjøen godkjend. Stortinget godkjende i juni 1995 plan for anlegg og drift av eit nytt transportsystem for naturgass til Dunkerque i Frankrike.

I juni vart stortingsmelding om Noreg som gassnasjon – bruk av naturgass i Noreg – lagd fram. Meldinga handlar om perspektiva for norsk gassverksemd og framtidig bruk av naturgass i ulike sektorar innanlands.

Omstillingsarbeidet i Sør-Varanger med sikte på at kommunen framleis skal vere eit livskraftig samfunn held fram. Sjølv om bemanninga ved A/S Sydvaranger er redusert frå 675 i 1991 til om lag 390 i dag, er talet på arbeidsledige redusert i omstillingsperioden.

I Grenland og Østfold er det gjeve statleg stønad for å styrkje den lokale innsatsen for auka verdiskaping og nye arbeidsplassar. Statens nærings- og distriktsutviklingsfond gjer ein aktiv innsats saman med dei lokale aktørane.

Koldrifta ved Store Norske Spitsbergen Kulkompani A/S dannar framleis eit vesentleg grunnlag for den norske busetjinga og næringsverksemda på Svalbard.

I samband med etableringa av Universitetsstudiane på Svalbard (UNIS) i Longyearbyen har Svalbard Samfunnsdrift A/S arbeid med å føre opp undervisningsbygg og skaffe tilsette og studentar bustad. Undervisningsbygget stod ferdig til haustsemesteret 1995 og vart offisielt innvigd i august 1995.

Det er inngått eit samarbeid mellom Noreg og Sverige som inneber at Tromsø Satellittstasjon A/S blir etablert. Han vil bli eigd 50 % av Norsk Romsenter og 50 % av det statlege svenske Rymdbolaget. Tromsø Satellittstasjon A/S er ein nedlesestasjon for data frå satellittar. Samarbeidet vil betre utsiktene for Noreg på den internasjonale marknaden.

Nærings- og energidepartementet har halde fram med å følgje opp den nasjonale reiselivsstrategien. Løyvinga til eksportsatsinga til reiselivsnæringa gjennom NORTRA vart styrkt med 10 mill. kr i 1995. Vidare er det lagt vekt på å styrkje kunnskapsgrunnlaget i reiselivet, mellom anna gjennom statistikkutvikling og forskning. Det er sett i gang arbeid for å få til ei forsvarleg utvikling i reiselivsnæringa i høve til natur og miljø.

Først i juni opplevde vi den største flaumen på Austlandet på svært lang tid. Østerdalen, Trysilvassdraget, Gudbrandsdalen, Mjøsdistriktet og områda langs nedre delen av Glåma vart hardast råka. Flaumen let etter seg store materielle skadar. Kraftverk og flaumsikringsan-

legg er påførte til dels store skadar. Arbeidet med å utbetre skadar på flaumverk og reparere erosjonsskadar er alt i gang. I tilknytning til flaumen skal ein ha ein gjennomgang av dei ulike vassdragstiltaka som spelar ei rolle i ein flaumsituasjon, og systemet for prognosar om vassføring og varsel om flaum i vassdraga.

Lovframlegget frå utvalet som har vurdert ein generell revisjon av vassdragslova, inneber ei modernisering av vassdragslovgevinga, der ein legg større vekt på miljøomsyn og på å styrkje dei allmenne interessene i vassdragsforvaltninga. Utgreiinga har vore ute til ei brei høyring, som vart avslutta i mai 1995. Nærings- og energidepartementet arbeider no med ein proposisjon om saka.

Regjeringa gav i oktober 1994 konsesjon til ei langiktig kraftutvekslingsavtale mellom N. V. Samenwerkende Electriciteits-Produktiebedrijven (SEP) og Statkraft SF. Avtala er inngått på vegner av åtte større norske kraftprodusentar (blant desse Statkraft) som samarbeider gjennom Norsk Krafteksport AS.

Statkraft SF fekk i juni 1995 konsesjon til ei reforhandla avtale med det danske kraftselskapet ELSAM. Avtala er basert på kraftutveksling på dei eksisterande sambanda til Danmark. Statkraft skal vere operatør av avtala, men departementet skal seinare fordele delar av avtala til Norsk Krafteksport AS og EuroKraft Norge AS.

Regjeringa arbeider for å stimulere etablering og utvikling av næringsverksemd, og ein del av arbeidet er å leggje lovverket til rette. Næringslovutvalet kjem med framlegg om å forenkle lovgevinga når ho hemmar utviklinga og ikkje lenger legg samfunnsomsyn til grunn. Utvalet er såleis ein viktig reiskap for å nå målet som Regjeringa har sett, om betre rammevilkår for næringslivet.

Utvalet har i perioden komme med framlegg om:

- Endringar i konsesjonslovgevinga for kjøp av fast eigedom
- Endring av reglane i samferdselslova for persontransport utanfor rute, regulering av drosjenæringa.

Ved årsskiftet vart det innført ei ny lov om kjøp av næringsverksemd. Denne lova sikrar styresmaktene kontroll med bedriftsoverdragingar, og ho likebehandlar norske og utanlandske investorar på ein betre måte enn den tidlegare konsesjonslovgevinga.

Omlagging av offentleg anbodsinnhenting, m.a. som følgje av tilpassing til avtalepunkta i EØS-avtala, har ført til auka konkurranse i leverandørmarknaden og effektiviserte innkjøp.

Eit nytt krav om at dei som kjem med anbod, skal leggje fram attest på at skuldige skattar er betalte, har saman med kravet om at ein ikkje kan bruke kontraktørar til å utføre offentlege bygg- og anleggsarbeid, ført til meir ordna forhold og motverka økonomisk kriminalitet.

Frå 1995 omfattar regelverket for offentlege innkjøp også forsyningssektorane. Nokre norske verksemdar har etter dette inngått eksportkontraktar med offentlege innkjøparar i EU-land. Hittil er det ikkje registrert no-

kon merkande auke i talet på utanlandske leverandørar som legg inn tilbod i Noreg. Men konkurransen mellom norske leverandørar har auka, og fleire norske etatar kan allereie rapportere om store innsparingar. Departementet legg mykje arbeid i å informere næringslivet om innkjøpsreglane. Det blir satsa på å stimulere til auka eksport gjennom ulike prosjekt.

Regjeringa har sett ned eit statssekretærutval som skal arbeide for å få til ein koordinert og heilskapleg IT-politikk.

Forsking og utvikling når det gjeld digitale kart og satsing på den norske elektroniske kystvegen, har styrkt grunnlaget for utvikling i utlandet for mange norske verksemdar. Norske verksemdar hevdar seg stadig sterkare innanfor digital kartoppmåling, elektronisk navigasjon og satellittkommunikasjon- og posisjonering.

I innanlands persontransport vart det i 1994 utført eit transportarbeid på 53,9 mrd. transportkilometer, mot 53,4 året før. Privatbilane står for 77,5 % av dei registrerte persontransportane. Det samla godsttransportarbeidet innanlands var i 1994 31,9 mrd. tonnkilometer, mot 29,3 mrd. tonnkilometer i 1993.

Lengda på det offentlege vegnettet i Noreg er i overkant av 90 000 km. Av dette er 26 000 km riksvegar. Av riksvegnettet er om lag 26 % stamvegar. Stamvegane avviklar halvparten av trafikken på riksvegnettet.

I 1994 vart nye riksvegstrekingar på i alt 242 km tekne i bruk. I tillegg vart det bygd 107 km gang- og sykkelvegar i tilknytning til riksvegnettet.

Ved årsskiftet vart telerestriksjonane oppheva på heile riks- og fylkesvegnettet. Det inneber at dei 53 % av riksvegnettet og 79 % av fylkesvegnettet som tidlegare hadde aksellastrestriksjonar i teløysingsperioden, no kan nyttast fullt ut. Av det totale riksvegnettet er det no tillate med 10 tonn aksellast på 90 %, medan det for resten er tillate med 8 tonn. Heile stamvegnettet kan kjørast med 10 tonn aksellast.

Salet av nye bilar aukar, og ein reknar med ein auke i nybilsalet på om lag 20 % i høve til 1994.

Ved utgangen av 1994 var det i underkant av 3 mill. kjøretøy i landet. Av dei var 2 mill. bilar, og av dei att 1,7 mill. personbilar. Salet av blyhaldig bensin gjekk ned med 58 % frå 1993 til 1994.

I 1994 vart 11 530 personar skadde eller drepne i trafikken. Det var 287 færre enn i 1993. 283 personar vart drepne i trafikken i 1994, og det er 2 fleire enn året før.

Ved slutten av 1994 var det 114 riksvegferjesamband, og 162 ferjer trafikkerte desse sambanda. Ingen nye ferjer vart sette i trafikk, medan 25 eldre ferjer vart tekne ut av drift. Ved 35 ferjesamband vart det i 1994 gjeve eit betre tilbod enn i 1993.

Utrekingar viser at talet på personar som bur langs riksvegnettet og er svært plaga av vegtrafikkstøy, vart redusert med 3 650 i 1994. Vidare er talet på personar som er svært plaga av luftureining ved bustaden sin, redusert med 2 100.

Investeringane i riksveganlegg var i 1994 på 5,4 mrd. 1994-kroner.

Trafikken over norske flyplassar målt i talet på passasjerar som kom og reiste, var i 1994 20,6 millionar. Det tilsvarer ein auke på 10,8 % samanlikna med 1993. Av det samla talet på passasjerar var 15,2 mill. innanriks og 5,4 mill. utanriks. Veksten i innanlands rutetraffic var 10,6 % medan utanriks rutetraffic auka med 10,7 %. Chartertraffikken til utlandet auka med 13,1 %. Talet på flygingar auka i 1994 med 7,3 %. Ei medverkande årsak til det var at den norske innanriksmarknaden i all hovudsak vart deregulert frå 1. april 1994 med ein påfølgjande auke i tilbodet. Veksten har halde fram også inn i 1995. I dei fem første månadene var veksten i talet på passasjerar 5,5 % samanlikna med tilsvarande periode i 1994. I det same tidsrommet auka talet på flygingar med 7,0 %.

I 1994 vart fire personar drepne i flytraffikken, mot 15 i 1993.

Stortinget vedtok våren 1995, i samsvar med stortingsmeldinga om statens engasjement i regional luftfart, at ansvaret for 26 regionale lufthamner (kortbaneplasser), skal overførast til staten ved Luftfartsverket.

Det er vedteke å overføre ansvaret for etterbruken av Fornebu frå Luftfartsverket til Statsbygg. Det er også vedteke at Luftfartsverket i 1999 skal motta 2,0 mrd. 1992-kroner som skal nyttast til utbygginga av den nye hovudflyplassen på Gardermoen.

Arbeidet med tilrettelegging og utbygging av hovudflyplassen med tilhøyrande jernbane- og vegutbygging er i gang i samsvar med vedtak i Stortinget. Arbeidet følgjer dei oppsette framdriftsplanane, som tek sikte på opning i oktober 1998. Gjennom Luftfartsverket og Oslo Hovudflyplass AS er det investert for i alt 1,6 mrd. kr i flyplassanlegget fram til og med første halvår 1995. Dei totale forplikingane så langt er om lag 3,2 mrd. kr, eller om lag 25 % av totalbudsjettet. NSB Gardermobanen AS har fram til og med første halvår 1995 investert for om lag 860 mill. kr i kjørevegen og forplikta seg til om lag 4,5 mrd. kr medrekna flyplassstoga. Det tilsvarer om lag 75 % av totalbudsjettet. I vegutbygging er det investert for om lag 110 mill. kr.

Investeringane i resten av flyplassnettet utgjorde 483 mill. kr i 1994.

Med bakgrunn i den negative utviklinga i økonomien i trafikkdelen i NSB i 1994 og dei negative prognosane for 1995 vedtok Stortinget våren 1995 ein handlingsplan for NSB med innsparingstiltak på i alt 265 mill. kr. Dette, saman med vidare innsparingar i drifta, skal sikre at driftsbudsjettet til NSB for 1995 blir halde.

Fjerntogtraffikken på dei lange strekningane gjekk ned med 2,2 % i 1994. Det vart likevel vege opp av ein tilsvarande auke i talet på passasjerar som reiste med intercity- og mellomdistansetog og region- og lokaltog. Det totale talet på reiser auka derfor med 2,1 % i 1994. For NSB Gods gjekk talet på transporterte tonn ned i 1994, men fordi godset vart transportert over lengre avstandar enn året før, auka det totale produksjonsvolumet med 6 % i 1994 i høve til 1993.

I 1994 vart 5 drepne og 20 skadde i togtraffikken. I 1993 vart 11 drepne og 12 skadde.

Samferdselsdepartementet sende den 5. juli 1995 ut melding om framlegg til utgreiingsprogram om moglege alternativ til jernbanetunnel under Gamlebyen i Oslo i samsvar med paragraf 33-3 i plan- og bygningslova.

Bakgrunnen for meldinga er stortingsvedtaket om at jernbanetraffikken gjennom Gamlebyen bør leggjast i tunnel, og vedtaket i Samferdselsdepartementet om at det etter plan- og bygningslova er nødvendig med ei eiga konsekvensutgreiing for å avklare tekniske og økonomiske forhold og miljøspørsmål knytt til jernbanetunnel gjennom Gamlebyen.

Meldinga med framlegg til utgreiingsprogram er send på høyring og vil liggje ute til offentleg ettersyn fram til 18. september 1995. Ein vil fastsetje det endelige utgreiingsprogrammet og kva hovudalternativ som skal greiast ut, på grunnlag av dei fråsegnene som kjem.

Talet på postsendingar auka i 1994 med 1,2 %, medan produktiviteten auka med 0,8 %. Postverket hadde i 1994 eit årsresultat på 428,5 mill. kr, ein auke på 148 mill. kr i høve til 1993. Det vart i 1994 oppretta 3 postkontor, lagt ned 39, og 5 vart omgjorde til kontraktspostkontor. Pr. 1. juli 1995 er det oppretta 1 postkontor, lagt ned 37, og 19 er omgjorde til kontraktspostkontor.

Frå 1. januar 1995 er Postgiro og Noregs Postbank slått saman under namnet Postbanken. Statens eigarinteresse i den nye banken blir tekne vare på av Styret for Postverket, som er årsmøte for banken.

Etter vedtak i Stortinget i juni i år tok Postverket over Statens Datasentral AS frå 1. juli 1995. Postens datasentral vart samtidig slått saman med Statens Datasentral AS.

Forvaltningsbedrifta Televerket vart omdanna til statsaksjeselskap 1. november 1994. 1. januar 1995 endra selskapet namn til Telenor AS. Samtidig vart det heileigde dotterselskapet Norsk Telekom AS fusjonert med Telenor AS. Verksemda hadde ein samla omsetning på 18,4 mrd. kr i 1994, ein auke på 1 mrd. kr eller 5,9 % samanlikna med 1993. Resultat før skatt og andre postar var på vel 2 mrd. kr.

Prisane på telefontraffikk vart i 1994 sette ned med 8 %. Prisen på teljarsteg vart redusert med 6 øre frå 84 til 78 øre. I 1995 er prisane sette ned med nye 9,2 %. Prisen på teljarsteg er no 73 øre, og forholdet mellom kommunetakst og fjerntakst er 1:3. Etter dette er det reelle prisnivået på teletenester redusert med om lag 45 % sidan 1989. 71 % av telenettet var digitalisert ved utgangen av 1994.

Statens teleforvaltning har i 1994 budd seg på oppgåver i samband med vidare deregulering av den norske telemarknaden med fleire aktørar og auka konkurranseverksemd.

ComLab, laboratorieverksemda til Statens teleforvaltning på Kjeller, har i 1994 budd seg på å inngå strategiske alliansar med andre norske laboratorium slik at kundane skal få dekt sine behov for målingar og sertifiseringar på éin stad.

Årets jordbruksoppgjjer var det tredje etter reforma der Stortinget la grunnlaget for ein ny og modernisert jordbrukspolitik. Dei tre oppgjjera som er gjennomførte etter behandlinga, har gjeve ein samla reduksjon i rammene på om lag 3 000 mill. kr, og av dette er om lag 1 800 mill. kr reduserte prisar.

Dette er ei god oppfølging av målsetjinga om lågare prisar og overføringar, slik eit breitt fleirtal i Stortinget har føresett. Desse reduksjonane er gjennomførte samtidig som inntektsutviklinga i næringa er god.

Areal som er i drift, er det høgaste etter krigen, og produksjonen blir halden godt oppe. Distrikta held oppe sin del av produksjonen. Kostnadene blir reduserte, og med det blir konkurransevna styrkt. Miljøtiltaka gjev resultat. Utsleppa minkar, og m.a. er bruken av sprøytemiddel halvert sidan 1986.

Det blir gjennomført endringar som skal føre til hardare konkurranse. Det skjer ved både å redusere og forenkle marknadsreguleringa. Andre aktørar enn samvirke skal kunne delta i reguleringsaktivitetar.

Årets jordbruksavtale held oppe distriktsprofilen og prioriterer framleis dei arbeidsintensive produksjonane i distrikta.

Satsinga på alternativ næringsutvikling i og i tilknytning til jordbruket har auka. Interesse i næringa for ordningane er stor i alle delar av landet, og satsinga gjev etter kvart resultat og ringverknader.

Også årets jordbruksoppgjjer har ført til ei forenkling av verkemiddelsystemet, noko som vil gjere det lettare å målrette tiltaka.

WTO-avtala innebar m.a. at ein forplikta seg til å leggje om grensevernet på jordbruksområdet til eit tollbasert vern.

Vidare blir det lagt til rette for betre tilgjenge til marknaden for jordbruksvarer frå utviklingslanda.

Regjeringa har lagt til grunn at pris- og marknadssystema gradvis skal gje auka reell konkurranse i heile kjeda frå primærproducent til forbrukar. Endringa i pris- og marknadssystema i jordbruksavtala legg vekt på å følgje opp vurderingar og framlegg frå næringslovutvalet. Målet er at både importsystemet og pris- og marknadssystema skal stimulere marknadsorienteringa i norsk landbruk.

Etter vinteren 1994-95 viste det seg at det var store overvintringsskadar på eng i Nord-Noreg og til dels i Nord-Trøndelag. Alt i alt er om lag 85 000 dekar eng ute av produksjon.

På forsommaren vart om lag 140 000 dekar dyrka mark på Austlandet råka av flaum. Ein reknar at om lag 75 000 dekar korn, om lag 50 000 dekar gras og om lag 13 000 dekar poteter vart råka av flaumen, og verst gjekk det ut over areala langs Glåma i Hedmark. I tillegg til at årets avling vart øydelagd, er produksjonsgrunnlaget på delar av desse areala redusert og mange stader øydelagt for fleire år framover.

I juli kom det kraftige haglskurer som førte til store skadar på fruktavlingane i Vestfold. Våren og forsommaren har elles vore nedbørsrik over det meste av landet.

Med dei unntaka som er nemnde, er planteveksten god, og ein kan rekne med bra avlingar.

Mjølkeproduksjonen i 1994 var på 1 737 mill. liter kumjolk og 25 mill. liter geitemjolk. For 1995 tek ein sikte på ein produksjon på 1 720 liter kumjolk og 25 mill. liter geitemjolk. Salet av konsummjolkprodukt går framleis ned.

Det totale produksjonsomfanget av kjøtt er stabilt jamført med tidlegare år, men auken i kjøttsalet frå tidlegare år har halde fram og ligg i år på om lag 3 %. Det resulterer i at det no er ei underdekning på kjøtt, og det blir importert 7–8 000 tonn kjøtt, i hovudsaka storfe og svin. Tiltak for å redusere skadeverknadene etter Tsjernobyl-ulykka i 1986 blir ført vidare i 1995 på linje med tidlegare år.

Noreg har også det sise året vore fri for dei alvorlegaste smittsame sjukdommane hos pattedyr og fisk.

Når det gjeld andre sjukdommar, har det vore ein markert nedgang i talet på tilfelle av infeksøs lakseanemi og furunkulose. God kontroll med desse sjukdommane er avgjerande for eksporten av oppdrettslaks. Antibiotikabruken i fiskeoppdrettet er ytterlegare redusert. Hos småfe har sjukdommen mædi dukka opp att, og det er påvist i alt seks tilfelle av sauesjukdommen skrapesjuka. Hos andre dyreslag er sjukdomssituasjonen relativt stabil og alt i alt tilfredsstillande. Det er gjennomført omfattande prøvetaking til bruk i internasjonal dokumentasjon av status for ulike sjukdommar.

Endringane i dyrevernova er vedtekne. Dei endringane det er gjort framlegg om, vil føre til betre tilsyn og oppfølging av dyrevernarbeidet.

Nye prinsipp for innførsle og utførsle av levande dyr og animalske produkt som følgje av EØS-avtala, har ført til ein auke i innførsle av levande dyr, særleg storfe og fjørfe. I enkelte tilfelle er det påvist sjukdom ved slik innførsle, men sjukdommen er stoppa i karantenen.

Miljøarbeidet i jordbruket utviklar seg i samsvar med dei planane som ligg føre, med omsyn til å gjennomføre tiltak og nå dei måla som er sette. Integreringa av miljøomsyn er ført vidare i jordbruksoppgjjeret i år, og det er sett i gang arbeid med å revidere verkemidla som skal føre til ei meir miljøvennleg jordbruksdrift, m.a. betre utnytting av gjødsel i planteproduksjonen og ei vidare utvikling av kulturlandskapet. Hovudinnsatsen for ei tilnærming mellom miljø- og ressursvern og næringsverksemd skjer m.a. gjennom konkurransestrategiane for norsk mat og ved samordning av arbeidet for miljøbasert næringsutvikling på sentralt og lokalt plan.

Programmet for overvaking av jordsmonnet viser at dei naturgjevne vilkåra og miljøinnsatsen i jordbruket har ført til ei betring av miljøtilstanden i Noreg med omsyn til avrenning av næringsstoff og bruk av kjemiske middel til plantevern.

Ein reknar med at erosjon og avrenning av fosfor i jordbruket blir redusert med 40 % i 1995 i høve til nivået i 1985, og at målet for Nordsjøplanen blir nådd. For nitrogen reknar ein med å nå 25 – 30 % reduksjonar i 1995, dvs. at 2/3 av målet for 1995 vil bli nådd. Som dei andre nordsjølanda har Noreg slutta seg til å gjen-

nomføre resten av reduksjonane så raskt som mogleg. Målet i Nordsjøplanen for reduksjonar i ureiningar frå plantevernmiddel vil bli nådd.

Den nye jordlova som vart vedteken av Stortinget i vår og tok til å gjelde i juli 1995, er eit viktig verktøy i utviklinga av landbruket.

Marknadstilhøva for trelastindustrien har det siste halve året endra seg til det verre. Prisane på trelast har gått ned, og etterspørselen er liten.

For treforedlingsindustrien er marknadstilhøva gode. Industrien har komme ut av ein vanskeleg treårsperiode og har opplevd stigande prisar på produkta sine dei siste tolv månadene. Skogbruket er dermed inne i ein situasjon der massevirkekjøparane er inne i ein god konjunktur, medan sagtømmeroppkjøparane kan være inne i ein snarleg, men vonlegvis mellombels, tilbakegang til lågkonjunktur.

Utbyttet av det norske fisket var i første halvår 1995 1 355 tusen tonn (rund vekt) til ein førstehandsverdi av kr 4 200 mill. kr. Det er ein auke i kvantumet på 178 tusen tonn (15,1 %) og ein auke i verdien på 388 mill. kr (10,0 %) samanlikna med tilsvarende periode i fjor.

Nord for 62 °N er ressurs situasjonen for viktige fiskeslag som torsk og hyse framleis god, sjølv om redusert mattilgang saman med ukontrollert fiske i Smottholet og Smotthavet verkar negativt på bestandane. At ein ikkje har forpliktande avtaler mellom Noreg, Russland, Færøyane og Island om fisket i internasjonalt farvatn, gjev grunn til uro.

Gytebestanden av norsk vårgytande sild er no over 2,5 mill. tonn, og såleis innanfor trygge biologiske grenser. Men veksten i sildebestanden har ført til endra vandringsmønster, og ein har i sommar sett at det er mogleg å ta store fangstar med sild i internasjonalt farvatn. Det er skipa ei internasjonal arbeidsgruppe som skal greie ut kva soner norsk vårgytande (atlantiskandisk) sild høyrer heime i.

For å unngå overfiske av vårgytande sild er det viktig å hindre eit ukontrollert fiske i internasjonalt farvatn.

Tilstanden for blåveite og lodde er framleis dårleg, og sidan mai 1993 har det vore forbod mot loddefiske i Barentshavet.

Rekebestanden er utsett for eit sterkt beitepress frå torsk, men han er rekna for å vere innanfor sikre biologiske grenser.

Uttaket av makrell er i år redusert for å hindre ein sterk reduksjon i gytebestanden.

Bestandssituasjonen for dei viktigaste botnfiskartene i Nordsjøen er framleis dårleg.

Noreg har teke aktivt del i arbeidet på FN-konferansen om fiske på det opne havet, der ein no har forhandla fram eit regelverk for fiske i internasjonalt farvatn. Dette rammeverket er svært viktig, særleg med tanke på dei problema ein har med ukontrollert fiske i Smottholet og Smotthavet.

Eksportverdien av fisk og fiskeprodukt (medrekna oppdrett) gjekk opp frå 8 878 mill. kr pr. 30. juni 1994 til 9 216 mill. kr pr. 30. juni 1995.

Statens nærings- og distriktsutviklingsfond fekk i september 1994 i oppdrag frå Fiskeridepartementet og Nærings- og energidepartementet å vurdere utnyttinga av det offentlege verkemiddelapparatet med sikte på å auke verdiskapinga i fiskeindustrien, for med det å oppnå ein effektiv og lønnsam fiskeindustri. Programmet for fiskeindustrien 1995 gjennom SND er eit resultat av dette arbeidet. Trass i at fiskeindustrien framleis er merkt av å vere kapitalsvak og lite lønnsam, har den relativt gode råstoffsituasjonen ført til ei betring også for den.

Som ei følgje av at Sverige, Finland og Austerrike gjekk inn i Den europeiske unionen 1. januar 1995, vart Noreg pålagt auka toll ved eksport av fisk til desse landa. I EFTA har det sidan 1. juli 1990 vore tilnærma frihandel med fisk og fiskeprodukt. Frå norsk side ønskte ein etter utvidinga av EU å opprette tollfrie kvotar som kunne tillate ei vidareføring av tradisjonell eksport til dei tre tidlegare EFTA-landa. Det er ført forhandlingar mellom Noreg og Kommisjonen om tollfrie kvotar. I samsvar med tilleggsprotokollen til frihandelsavtala som er forhandla fram, skal det opprettast 34 årlege tollfrie kvotar på til saman 70 950 tonn. Kvotane vil gjelde for eksport til alle 15 EU-landa og berre gjelde eksport frå Noreg.

Noreg eksporterte i 1994 fisk og fiskeprodukt for 19,4 mrd. kr, som svarer til ein verdiauke på 17 % samanlikna med året før. I første halvår 1995 auka verdien med nye 5 % samanlikna med første halvåret 1994. Fersk oppdrettslaks er det viktigaste eksportproduktet.

I første halvår 1995 vart det omsett lakseprodukt til ein verdi av om lag 3,1 mrd. kr, mot 2,7 mrd. kr i den same perioden i fjor. Det representerer ein verdiauke på 14 %. Av dette utgjer fersk laks om lag 2,3 mrd. kr. Til samanlikning var auken i omsett mengd i høve til same perioden i fjor på om lag 23 %.

Prisen på alle lakseprodukt har gått ned sidan første halvår i 1994.

EU er framleis den viktigaste marknaden vår, og 78 % av eksporten av lakseprodukt går dit. Men også land i det søraustlege Asia har vorte viktigare som marknad for lakseprodukta våre.

Norsk eksport av fersk oppdrettslaks til USA er framleis pålagt ei antidumping- og subsidieavgift. Regjeringa arbeider for å få ein slutt på saka.

Talet på konsesjonar for oppdrett av matfisk av laks og aure har ikkje endra seg mykje siste året. Den sterke produktjonsveksten er såleis ei følgje av høgare produktivitet i anlegga. Helse- og miljøsituasjonen innanfor oppdrettsnæringa er framleis god. Til dømes er antibiotikaforbruket redusert med 77 % dei seinare åra.

Innanfor havbrukssektoren er det sett i gang ein kontrollaksjon der formålet er å betre drifts- og kontrollrutinane ved oppdrettsanlegga. Målet for 1995 er at 15 % av anlegga skal kontrollerast.

Stortingsmeldinga om havbruk – ei drivkraft i norsk kystnæring – vart lagd fram for Stortinget i juni. Hovudmålet er framleis at oppdrettsnæringa skal ha ei balansert og berekraftig utvikling og vere ei lønnsam og

livskraftig næring. Det blir gjort framlegg om å innføre ei produsentorganisasjonsordning som heile tida kan sikre at produksjonen er tilpassa marknaden. Det er utarbeidd eit framlegg til strategi for ny næringsutvikling knytt til kveite, kamskjell og oppdrettsutstyr.

For å betre den offentlege verkemiddelbruken er det utarbeidd ei sjekkliste for val av verkemiddel og nye reguleringar.

For å vurdere eventuelle tiltak for å redusere saksbehandlingstida der ho synest for lang, har ein gjennomført ei kartlegging av praksisen i alle departement med tilhøyrande etatar.

Førebyggjande arbeid, særleg retta mot barn og unge, er eit viktig satsingsområde. Kwart politidistrikt kartlegg og analyserer kriminaliteten i distriktet og set på grunnlag av det i verk førebyggjande tiltak. Eit målretta undervisningstilbod retta mot elevar i barne- og ungdomsskolen ligg føre i alle politidistrikt. Det nasjonale førebyggingsprogrammet til Regjeringa «Trygghet og nærhet i hverdagen» er i 1995 revidert og følgt opp gjennom fleire prosjekt.

Politiet har ved å vere meir til stades og meir synlege prioritert tryggleik for publikum og kampen mot valds-kriminalitet på offentleg stad. Den særlege gatevaldaksjonen omfattar i dag 16 politidistrikt. I fleire av dei største byane i dei områda der politiet har sett inn særlege ressursar, har talet på melde valdstilfelle vorte redusert.

Kampen mot den internasjonale organiserte kriminaliteten har hatt høg prioritet i 1995. Eit utval har lagt fram ei innstilling om bruk og organisering av kriminaletterretning i Noreg. På grunnlag av den er det vedteke å opprette ei kriminaletterretningseining ved KRIPOS. Det er òg gjort vedtak om å plassere ein norsk sambandsmann i Moskva. På ministerkonferansen i Warszawa i mars vart norske styresmakter oppmoda om å leie og følge opp Austersjø-samarbeidet på politiområdet fram til neste ministerkonferanse i Finland våren 1996.

Regjeringa legg stor vekt på kampen mot narkotika. Politiet har styrkt innsatsen mot «house-parties» og bruk av «designer-drugs».

Regjeringa har revidert den omfattande handlingsplanen sin for kampen mot økonomisk kriminalitet. Kvitvasking av pengar, konkurskriminalitet og svart økonomi er særlege satsingsområde innanfor politi og påtalemynd. Ei arbeidsgruppe er sett ned for å vurdere korleis inndraging av utbytte ved straffbare handlingar kan brukast i større grad enn i dag.

FN-konvensjonen av 1988 om narkotiske og psykotrope stoff, som omhandlar kvitvasking og inndraging av utbytte frå narkokriminalitet, tok til å gjelde for Noreg i februar 1995. Europaråds-konvensjonen av 1990 om kvitvasking, etterforsking, beslag og inndraging av utbytte frå straffbare handlingar tok til å gjelde i mars. I samråd med Riksadvokaten har Justisdepartementet som målsetjing å prioritere etterforskinga av den økonomiske sida av straffbare forhold. Det er gjennomført kompetansehevande tiltak som kurs og konferansar. Ei hospi-

teringsordning for revisorar frå skatteetaten hos politiet er med på å heve kompetansen i begge etatane.

Regjeringa har sett i gang prosjekt om snøggare straffesaksbehandling, der alle ledd i straffesakskjeda er representert. Dei positive resultatane har ført til at prosjektet er utvida til fleire distrikt.

Prosjektet «Rapporteringsopplegg for straffesaksavviklinga» er evaluert. Strafferegistreringssystemet i politiet STRASAK har vore ein nyttig styringsreiskap for politi og påtalemynd både når det gjeld kvalitet og tempo i straffesaksbehandlinga.

To-instansreforma tok til å gjelde 1. august. Reforma er den største straffeprosessreforma i dette hundreåret. Rettstryggleiken er monaleg styrkt ved at skuldspørsmålet kan prøvast to gonger i alle straffesaker. Det er skipa eit nytt lagdømme med sete på Hamar. Talet på lagdømme er dermed utvida til seks. Ein ventar at skipinga av det nye lagdømmet vil føre til raskare saksavvikling innanfor det gamle jurisdiksjonsområdet til Eidsivating lagdømme.

Justisdepartementet sette hausten 1994 i gang eit prosjekt med sikte på å redusere saksbehandlingstida i asylsaker og andre utlendingssaker. Prosjektet har to fasar, og dei skal gjennomførast i 1995. Nokre effektiviseringsstiltak er alt gjennomførte.

Regjeringa har oppretta eit kompetansesenter for valdsofferarbeid ved Høgskolen i Oslo som vil vere operativt frå årsskiftet. Kompetansesenteret er eit fireårig forsøksprosjekt. Senteret skal utvikle ny kunnskap om vald, både når det gjeld vald som problem og stillinga til valdsoffer.

Flaumen på Austlandet i juni i år råka store område og valda store øydeleggingar. Men innsatsen frå alle dei som deltok i kampen mot flaumen, gjorde mykje til å redusere skadane. Regjeringa har teke til med arbeidet med å gjennomgå beredskapsrutinane under flaumkatastrofen, og vil komme tilbake til Stortinget med ei melding om dette. I arbeidet er det ei viktig målsetjing å dra lærdom av dei røynselene vi har bak oss, slik at vi står betre rusta til å ta oss av naturkatastrofar i framtida.

Den nye politilova har teke til å gjelde. Samanslåinga av politi- og lensmannsetaten er gjennomført. Ved omorganiseringa er den desentraliserte politistrukturen ført vidare. Det er lagt opp til ei vidareutvikling av den nære kontakten mellom politi og publikum, samtidig som politiet skal kunne kjempe meir målretta mot kriminalitet.

Det er vedteke lovendingar for å innføre ei prøveordning som gjev høve til å idømme dom på vilkår for promillekjøring. Vilkåret er at den domfelte gjennomgår eit promilleprogram som alternativ til fengselsstraff utan vilkår. Promilleprogrammet, som blir administrert av Kriminalomsorg i fridom, skal motverke kjøring med promille og føre til at den domfelte kjenner større sosialt ansvar. Ordninga skal brukast overfor personar som har eit dokumentert alkoholproblem.

Bustadmarknaden har no stabilisert seg på eit høgare bustadbyggings- og prisnivå. I mai gjorde Regjeringa framlegg om endringar i rentevilkåra og subsidieprofi-

len i Husbanken. Framlegga legg til rette for at Husbanken framleis skal ha ei sentral rolle i bustadpolitikken til Regjeringa for å påverke bustadbygging, bustadetablering, byfornyng og bustadkvalitet. Gjennom ordningane i Husbanken med oppstartingsstilskott og bustadtilskott har det vore ein monaleg auke i oppføring og kjøp av omsorgsbustader for eldre og bustader for funksjonshemma og flyktningar i kommunane.

I 1994 var det behov for å skaffe bustad til uvanleg mange flyktningar og personar med opphald på humanitært grunnlag. Til saman tok kommunane imot over 11 600 personar. I 1995 er behovet for busetjingsplassar i kommunane redusert til under halvparten av behovet i 1994.

Stortingsmeldinga om flyktningpolitikk vart drøfta i Stortinget i juni 1995. Det var brei tilslutning til hovudlinjene i flyktningpolitikken til Regjeringa om auka satsing på tre område: førebygging av flyktningssituasjonar gjennom demokratiutvikling, vern om menneskerettane og konfliktløyning, vern, først og fremst i nærområdet, og tilbakevending i tryggleik som den beste varige løysinga.

Den europeiske ungdomskampanjen mot rasisme, framandfrykt, antisemittisme og intoleranse, som blir samordna av Europarådet, er no i gang. «Ungdom mot rasisme 95» er den norske delen av kampanjen. Nokre aktivitetar er gjennomførte i samarbeid med dei andre nordiske landa som ein del av den nordiske kampanjen mot framandhat, som vil gå for seg i 1995.

Regjeringa har lagt fram ei melding med mål for utviklinga av kommune- og fylkesinndelinga.

Kommunesektoren hadde i 1994 eit overskott før lånetransaksjonar på over 3 000 mill. kr. Netto gjeld i sektoren, rekna som del av faste inntekter i alt, har vorte monaleg redusert. Denne delen utgjer no i overkant av 30 % og nærmar seg det nivået han var på før gjelda i sektoren tok til å vekse, midt i 1980-åra.

Inntektene i kommunesektoren har vakse monaleg dei siste åra, også når ein korrigerer for nye oppgåver som sektoren har fått tilført.

Som eit ledd i oppfølginga av EØS-avtala har Regjeringa fastsett nye stønadsatsar for investeringstilskott til bedrifter innanfor det distriktpolitiske verkeområdet. Det gjev høve til auka støtte til små og mellomstore bedrifter (SMB). Midlane skal stimulere til nyetableringar og omstilling av eksisterande bedrifter.

Regjeringa har i 1995 sett i gang program for vassforsyning for å stimulere kommunane til å betre vasskvaliteten slik at han tilfredsstiller drikkevassforskriftene, m.a. som ei følgje av EØS-avtala. Det er sett av 100 mill. kr i 1995.

Frå 1994 kan omstillingsløyvingane også brukast utanfor det geografiske verkeområdet for dei distriktpolitiske verkemidla. På den måten er det no mogleg å løyse strukturproblem i næringane også i sentrale strøk ved hjelp av ekstra statleg engasjement. Det er sett i gang omstillingsarbeid i Østfold og i Grenland. Omstillingsarbeidet framover vil, i tillegg til å skape lønnsame arbeidsplassar, auke den lokale næringsinnsatsen.

Det er gjennom frifylkeforsøket i Aust-Agder og Nordland, som varer ut 1995, utvikla eit svært godt samarbeid mellom fylkeskommunane og dei involverte statlege sektorane på fylkesnivå, noko som ein vil prøve å føre vidare etter forsøksperioden.

Noreg tek del i samarbeidet om EU sitt fellesskapsinitiativ INTERREG. Siktemålet med INTERREG-programmet er å leggje tilhøva til rette for samhandling og samarbeid over grensene. Sverige, Finland og Noreg har komme fram til 5 INTERREG-regionar som dekkjer den norske grensa. Regionane er Barents, Nordkalotten, Trøndelag, Hedmark, indre Østfold og i tillegg det sørlege Østfold. På norsk side er arbeidet forankra i fylkeskommunane i nært samarbeid med dei eksisterande regionale grensekomiteane.

Det internasjonale urfolkåret vart formelt opna under den 49. generalforsamlinga i FN. Visepresidenten i Sametinget, Ing-Lill Pavall, heldt opningsinnlegget frå dei nordiske landa. Målet med tiåret er å styrkje det internasjonale samarbeidet for å løyse problema som gjeld urfolka.

Sametinget er representert i Barentssamarbeidet.

Regjeringa la i juni 1995 fram ei stortingsmelding om norsk politikk mot klimaendringar og nitrogenoksid (NOx). Fordi desse miljøproblema berre kan løysast gjennom internasjonalt samarbeid, har Noregs syn på vidareutviklinga av dette samarbeidet fått ein sentral plass i meldinga. Noreg har vore, og vil framleis vere, ein pådrivar i internasjonale forhandlingar på desse to områda, og Noreg vil vere budd på å ta sin del av nye utsleppsreduksjonar som blir fastsette internasjonalt.

Det er etter vurdering i Regjeringa ikkje mogleg å leggje opp til ein politikk som vil sikre ei stabilisering av dei samla CO₂-utsleppa våre i år 2000. Stabiliseringsmålsetjinga vil likevel framleis spele ei viktig rolle, og Regjeringa vil heile tida vurdere korleis ho i størst mogleg grad kan bli oppfylt. Noreg har innført svært høge CO₂-avgifter. I tillegg blir det i meldinga lagt opp til ein offensiv verkemiddelbruk på område som enøk, miljøteknologi, frivillige avtaler med industrien og felles gjennomføringsprosjekt i andre land.

Det er dei samla utsleppa av alle klimagassane som må reduserast om ein skal kunne forhindre global oppvarming. Det vil bli lagt større vekt på å finne svar på korleis ein gjennom ei gradvis styrking og effektivisering av verkemiddelbruken overfor alle klimagassane kan ta viktige steg vidare i klimapolitikken både nasjonalt og internasjonalt.

Noreg klarte med god margin forpliktingane i NOx-protokollen om å stabilisere utsleppa på 1987-nivå innan 1994. Framskriving av utsleppa viser at Noreg med dei tiltaka og verkemidla som er vedtekne, vil nå ein reduksjon på 5 % i år 2000 (i høve til 1986). Noreg har likevel saman med elleve andre vesteuropeiske land skrive under ei intensjonsfråsegn om å redusere utsleppa med 30 % i tidsrommet 1986–1998. Regjeringa har i meldinga gjort framlegg om nye tiltak som vil kunne føre til ein utsleppsreduksjon på 12–14 %. Sjølv om målet i intensjonsfråsegna om 30 % ikkje blir nådd,

markerer dei verkemidla ein har gjort framlegg om, eit viktig steg på vegen mot målet.

Ureineringslova blir gjord gjeldande også for transportureining. Det blir fastsett forskrifter til lova med bindande grenseverdier for lokal luftureining og støy. Også utslipp frå industri og større fyringsanlegg blir omfatta av forskriftene, slik at eigarar av anlegg som ureinar, må gjennomføre miljøforbetringstiltak når ein kjem over grenseverdiene. Forskrifta vil også vere ei oppfølging av EØS-avtala slik at EU-direktiva om luftkvalitet med denne forskrifta blir innarbeidde i norsk rett. Forskrifta er på høyring.

Regjeringa la i 1995 fram ei stortingsmelding om miljøvern på Svalbard. Formålet er å styrkje vern av miljøet m.a. gjennom ei oppjustering av miljøvernreglane og betre miljøvernforvaltning for øygruppa.

Eit senter for miljø og samarbeid i polarområda og Barentsregionen vart formelt etablert i Tromsø i 1994. I 1995 er senteret monotaleg styrkt både når det gjeld økonomi og personell.

Miljøverndepartementet arbeider aktivt for at den erfaringa og kompetansen som ein har opparbeidd seg innanfor norsk kulturforvaltning, kan brukast til å bygge opp miljøvernforvaltninga i Aust-Europa, Russland og i u-land. For å kunne kople den rette fagkompetansen i miljøvernforvaltninga til eksterne behov vedtok Miljøverndepartementet i 1995 å opprette eit kompetansenettverk med ei koordineringseining. Nettverket skal sikre at norske bistandsstyresmakter har solid støtte frå det norske fagmiljøet i arbeidet for å fremje miljøvernet i samarbeidslanda våre.

Konferansen Oslo Roundtable fann stad i februar 1995 og samla ministrar frå 30 land og meir enn 200 ekspertar, representantar frå internasjonale organisasjonar og frivillige miljøvern- og utviklingsorganisasjonar. Konferansen vedtok eit arbeidsprogram som i april vart lagt fram for FN-kommisjonen for berekraftig utvikling i New York.

Etter oppmoding frå FN-kommisjonen for berekraftig utvikling er det sett i gang eit arbeid for å følgje opp Oslo Roundtable-rapporten på nasjonalt plan.

Programmet til Miljøverndepartementet, Grønt Arbeidsliv, er ført vidare ved at ein har skipa eit GRIP-senter – Stiftelsen for berekraftig produksjon og forbruk. GRIP-senteret skal utvikle og spreie metodar som norske private og offentlege verksemdar kan bruke for å redusere ressursbruken og miljøtrusselen. Metodane vil samtidig kunne auke verdiskapinga.

Arbeidet med å leggje fram ein handlingsplan for bevaring og berekraftig bruk av det biologiske mangfaldet er i ferd med å bli avslutta.

Naturvernåret 1995 er gjennomført med hovudvekta lagt på biologisk mangfald og styrking av allemannsretten.

Arbeidet med å tømme vraket av Blücher for olje vart gjennomført i oktober 1994 utan nemnande skadar på miljøet. Kostnadene kom opp i om lag 65 mill. kr.

På den fjerde Nordsjø-konferansen i Esbjerg 8.–9. juni 1995, tok Noreg på seg å arrangere ein femte

Nordsjø-konferanse mellom år 2000 og 2002. I tillegg var det semje om at Noreg skal arrangere eit mellommøte på ministernivå om integrering av fiskeri- og miljøspørsmål i Nordsjøen ved årsskiftet 1996/97.

Det er sett ned eit fagråd for ytre Oslofjord som skal arbeide med å klargjere det faglege grunnlaget for å fastsetje eventuelle krav om nitrogenreinsing ved kommunale avløpsreinsanlegg.

Det er fastsett forskrift om avløpslam som skal føre til betre utnytting av slam som ressurs gjennom å stille krav til kvalitet og ved regulering av disponeringsmåtar.

Det er fastsett ny forskrift om vass- og avløpsgebyr som vil føre til ei forenkling og større valfridom for kommunane. Forskrifta sikrar framleis kommunane dekning av utgifter innanfor avløpssektoren.

Det er sett i gang eit prøveprosjekt i Oslo og Akershus der fylkesmannen har fått avgjerdsrett til å fastsetje lokale forskrifter om tilknytingsplikt til det kommunale avløpsnett for fritidsbustader.

Kommunane har frå 1995 plikt til å utarbeide avfallsplanar som skal leggast til grunn for arbeidet med reduksjon og handsaming av avfall i kommunane, og til å dekkje kostnadane fullt ut over renovasjonsgebyra.

Det er komme nye og strengare krav til kommunale fyllplassar og forbrenningsanlegg. Skjerpa krav vil både føre til at miljøstandarden blir heva, og at avfallsreduksjon og gjenvinning framstår som økonomisk meir attraktive alternativ.

Ei ny forskrift om registrering av avfall vil danne grunnlag for etablering og drift av eit landsomfattande register over all avfallshandsaming i Noreg.

Forskrifta om miljøskadelege batteri er revidert og pålegg alle produsentar og importørar innanfor bransjen eit ansvar for innsamling og gjenvinning av kasserte blybatteri.

Det er fastsett ei ny forskrift om forbrenning av spillolje. Forskrifta sikrar at direktivet om spillolje i EØS-avtala blir sett i verk (rådsdirektiv 75/439).

Som ei følgje av EØS-avtala har Stortinget vedteke lov om endringar av vedtaka om konsekvensutgreiingar i plan- og bygningslova.

Arbeidet med elektroniske sjøkart, som m.a. skal auke miljøtryggleiken til sjøs, vart styrkt i 1995.

Arbeidet for å gjere det lettare for foreldre å kombinere deltaking i yrkeslivet med barneomsorg er ført vidare. Bruken av tidskontoordninga viser at ordninga dekkjer eit behov.

Det er gjennomført tiltak for å gjere det lettare for menn å ta del i barneomsorga. Fedrekvoten har ført til at mange fleire fedrar tek ut fødselspengar. Det er sett ned eit utval som skal greie ut om fedrane skal få sjølvstendig rett til fødselspengar, og ved ei endring i likestillingslova er det gjeve høve til å særbehandle menn i enkelte barneomsorgsyrke.

FN-familieåret var med og sette familien og familiepolitikk sterkare på den politiske dagsorden.

Barnehageutbygginga i 1994 gav 15 700 nye plassar, mot 11 000 som måltal. Talet på plassar i familiebarnehagar auka med vel 2 500, dvs. nær 30 % auke frå året før.

Det er sett i gang utgreiingsarbeid om tiltak for døve førskolebarn.

Endringar i ekteskapslova om at ekteskap som er inngått under tvang, skal kunne kjennast ugyldige, og at utanlandske statsborgarar må ha lovleg opphald for å kunne inngå ekteskap i Noreg, er sette i verk frå 1.1.1995.

Foreldremeklingsordninga er utvida slik at sambuande foreldre som flytter frå kvarandre og har felles barn under 16 år, no får tilbod om mekling.

Barn og ungdom i dei større byane har ofte dårlegare oppvekstkår og møter større problem enn barn og ungdom elles i landet. Regjeringa har derfor prioritert tiltak i dei ni største byane med ei særleg satsing i Oslo, Bergen og Trondheim. Ungdomsundersøkingar om behov og interesser hos unge gjev eit godt grunnlag for å forme ut tiltak.

Dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane blir tildelte ubundne driftstilskott for å kunne gje eit variert tilbod og gjennomføre verksemda på eigne premisser, og dertil skolere og førebu barn og unge på aktiv medverknad i samfunnslivet. Våren 1995 vart det avdekt at enkelte frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar hadde oppgjeve uriktig medlemstal ved søknad om tilskot. Regjeringa sette ned ein uavhengig granskingskommissjon, som la fram si innstilling i august 1995. Regjeringa har ved kongeleg resolusjon gjeve Samferdselsdepartementet ansvar for å gå igjennom og følgje opp rapporten frå kommisjonen.

Gjennom utvekslingsprogrammet «Youth for Europe» i EU har EØS-avtala gjort det mogleg for norsk ungdom å delta i internasjonalt samarbeid og til å få auka kontakt med ungdom frå andre land.

Dei aller fleste utsette barn og unge får no den hjelpa dei treng frå barnevernet til rett tid. Ved utgangen av 1994 var det registrert at 16 200 barn hadde hjelpetiltak som barnevernet stod for, noko som er ein liten auke frå førre året. Det var 5 250 barn som var under omsorg, ein nedgang på 400 frå 1993. Det er eit teikn på at stadig fleire barn får hjelpa medan dei bur saman med foreldra.

Saman med Sosial- og helsedepartementet har Barne- og familiedepartementet sett i gang eit samarbeidsprosjekt med sikte på å styrkje foreldrerolla.

Stortinget vedtok i juni 1995 ei ny lov om pakkereiser. Lova inneber styrkt forbrukarvern på reiselivsområdet.

Forskrift om tryggleik ved rafting vart innført 1.1.1995.

Forskrifta om opphavsmerking av tekstilar, lærvarer og klede (og paragraf 2.2 i forskrifta om skotøy) er oppheva.

Den nye etaten for forbrukartryggleik, Produkt- og elektrisitetstilsynet, vart skipa 1.1.1995. Etaten skal føre tilsyn med at lov om kontroll av produkt og forbrukartester og forskrifter gjevne i medhald av lov, blir følgde.

Lov om endring av lov om medisinsk bruk av bioteknologi vart vedteken av Stortinget i juni 1995. Lova krev at alle behandlingsformer ved kunstig befruktning

skal godkjennast før dei blir tekne i bruk. Lova tok til å gjelde 1. september i år.

Stortinget løyvde i 1995 nær 300 mill. kr i øyremerkte midlar til kommunar og fylkeskommunar til førebygging og styrking av tilbodet til personar med psykiske lidingar.

Det er lagt fram ei utgreiing om dei fylkeskommunale langtidsinstitusjonane. Rapporten er på ei brei høyring.

Talet på polikliniske konsultasjonar var i 1994 om lag 2,9 mill., og talet på sjukehusopphald var om lag 624 000. Dette er om lag same nivået som i 1993.

Staten har i stadig større omfang løyvd øyremerkte tilskott til sjukehussektoren. I 1995 er det løyvd i alt 1 050 mill. kr til dei fylkeskommunale sjukehusa for å styrkje behandlingsskapiteten. Målet er at ventetidsgarantien skal bli innfridd, og at flest mogleg innan rimeleg tid skal få eit godt behandlingstilbod. Pr. 30. juni 1995 var det 251 632 pasientar på venteliste. Av desse hadde 88 317 ventetidsgaranti, og 7 % av dei med ventetidsgaranti hadde venta meir enn seks månader.

Til den statlege forsøksordninga med sjukepengar for behandling er det løyvd 91,3 mill. kr. 70 mill. kr er løyvd til omstillingstiltak med sikte på meir formålstenleg sjukehusstruktur. Samarbeid på tvers av fylkesgrensene er svært viktig for å sjå dei samla ressursane under eitt i helseplanlegginga. Helseregionane er derfor tillagt ei viktigare rolle i planlegginga av sjukehusverksemda. Regjeringa har stilt økonomiske midlar til rådvelde, slik at det i alle dei fem helseregionane i landet no er sett i verk regional helseplanlegging.

I tillegg er fylkeskommunane styrkte med 120 mill. kr til rehabiliteringsverksemd.

Stortinget behandla i juni 1995 ei stortingsmelding om samarbeid og styring, mål og verkemiddel for ei betre helseteneste.

Det er sett ned eit utval til å greie ut finansiering og eigarforhold for regionsjukehusa.

Innsatsen innanfor det helsefremjande og førebyggjande arbeidet blir retta særskilt mot dei nasjonale innsatsområda, førebygging av psykososiale problem, av belastningslidingar, av ulykker og av astma-, allergi og inneklimasjukdommar.

Det er vedteke endringar i tobakkskadelova som vil ta til å gjelde 1. januar 1996. Endringane medfører m.a. 18-årsgrense for kjøp og sal av tobakk, forbod mot sal av tobakksvarer frå automat, forbod mot indirekte tobakksreklame og påbod om røykfritt miljø i kombinerte lokale.

Det er lagt fram ei offentleg utgreiing med framlegg til forvaltningsstrategi for elektromagnetiske felt og helse.

Det er vedteke ein ny handlingsplan for førebygging av uønskte svangerskap og abort for perioden 1995–98. Målet er å redusere abortraten med minst 5 % i aldersgruppa 15–19 år og med minst 8 % i aldersgruppa 20–24 år.

For å stimulere til samarbeid mellom ulike sektorar i kommunane der det kan gagne helse til barn og unge, er

det sett i gang eit «Aksjonsprogram Barn – Helse 1995–99». Målet er å betre oppvekstvilkåra for barn og unge frå 0 til 18 år.

To nye forskrifter under smittevernlova tok til å gjelde 1. januar 1995. Det er ei ny forskrift om allmennfarlege smittsame sjukdommar og forskrift om korleis legar og anna helsepersonell skal melde frå og varsle om smittsame sjukdommar. Dette er m.a. eit viktig ledd i meldingssystemet for arbeidet med å førebyggje og få bukt med smittsame sjukdommar.

Det er lagt fram ein rapport med framlegg til forbetringar i lovverk og praksis når det gjeld teieplikt, særleg i tilknytning til psykisk helsevern.

Det er sett ned eit utval om finansierings- og brukarbetalingssystema i pleie- og omsorgstenesta.

I juni vedtok Stortinget etter framlegg frå Regjeringa å endre sosialtenestelova slik at det skal vere mogleg å halde gravide kvinner som misbruker rusmiddel, tilbake på institusjon med tvang under heile svangerskapet. Formålet med lovendringsframlegget er å verne barnet.

Stortinget vedtok i juni 1995 å oppheve eineretten til A/S Vinmonopolet til import og engrossal av vin og brennevin, og eksport av brennevin. Stortinget slutta seg også til ei prinsippkisse for deling av Vinmonopolet.

For 1995 er det løyvd 517 mill. kr, som skal brukast til å styrkje dei kommunale pleie- og omsorgstenestene.

Forsøksprogrammet med sentralar som byggjer på frivillig innsats, har vore drive i perioden 1991–94 og det er vedteke at det skal førast vidare i perioden 1995–98. Som ledd i dette er Frivillighetens samarbeidsorgan (FRISAM) oppretta frå januar 1995.

Handlingsplanen til Regjeringa for funksjonshemma blir vidareført i perioden 1994–97 med om lag 90 tiltak. Stimuleringsstilskott i i alt 72 kommunar har ført til at 90 sterkt funksjonshemma har fått innvilga personleg assistent, slik at dei kan bu i eigen bustad. I Nord-Noreg er det sett i gang eit nettverkssamarbeid mellom medisinske og pedagogiske institusjonar som skal byggje opp kompetanse på informasjonsteknologi for funksjonshemma barn og unge.

Reforma for menneske med psykisk utviklingshemming blir gjennomført i samsvar med føresetnadene Stortinget sette. Av om lag 5 000 personar som budde i HVPU-institusjonar då reforma vart sett i verk, vil nesten alle ha flytta til eigen bustad før årsskiftet.

Regjeringa la i juni fram stortingsmeldinga om sosial tryggleik og velferd (Velferdsmeldinga) der ein har ei brei drøfting av dei sosiale velferdsordningane våre, og fleire moglege tiltak og strategiar i framtida som vil kunne betre ressursbruken i folketryda, gjere ordningane meir målretta og stimulere til arbeid framfor passive tiltak, blir skisserte.

Partane i arbeidslivet har vorte samde om å vidareføre samarbeidet for å redusere sjukefråværet, og styremaktene stør arbeidet gjennom ulike prosjekt. Det totale sjukefråværet har auka noko i 1995, men dei lange fråværa syner nedgang. Talet på personar som tek imot rehabiliteringspengar, har gått monaleg ned. Det har vore

ein mindre auke i talet på uførepensjonistar, som skuldast endringar i rehabiliteringspengeordninga.

Det er vedteke lovendringar i uførepensjonsordninga i folketrygda. Endringane tek primært sikte på ei klargjering og forenkling av regelverket ved at ein opphevar eit sett av kompliserte forskrifter. Samtidig blir det presisert i lova at varig helsesvikt skal vere hovudgrunnen til den nedsette arbeidsevna. På den andre sida vart det gjort ei viss liberalisering ved at særbehandlinga av lidningar utan objektive funn, noko som særleg har vedkomme kvinner, er oppheva.

I 1995 kom dei siste tre hjelpemiddelsentralane i drift, og det er no hjelpemiddelsentralar i alle fylke. Tolketenesta for høyrselshemma og døvblinde er bygd ut, og hjelpemiddelsentralane gjev no tilbod om tolketeneste i 14 fylkeskommunar. Bilstønadordninga for funksjonshemma er revidert frå 1. januar 1995, og rådgjeving i bilsaker er lagt til hjelpemiddelsentralane.

SINTEF har evaluert yrkesskadeforsikringa og refusjonsordninga for utgifter frå trygda ved yrkesskadar. Evalueringa viser at ordningane delvis har førebyggjande effekt. Ordninga er i ein vanskeleg innkjøringsfase, og det er mange usikre faktorar. Regjeringa held fram med evalueringa i samarbeid med partane i arbeidslivet og forsikringsbransjen.

Grunnbeløpet i folketrygda vart frå mai auka med 1 148 kr, frå 38 080 til 39 228 kr. Auken byggjer på ei vurdering av inntektsutviklinga for pensjonistar samanlikna med dei yrkesaktive. Inntektene til pensjonistane vil som ei følgje av pensjonsdrøftingane i 1994 og 1995 auke med 2,7 % frå 1994 til 1995.

Regjeringa går inn for å betre inntektstilhøva for einslege forsørgjarar, m.a. ved å auke overgangsstønadene i den første treårsperioden, med høve til ytterlegare forlenging for personar som tek utdanning. Ein vil også satse på tiltak for å sikre denne gruppa betre vilkår i arbeidslivet.

Det er gjort visse presiseringar i utrekningsreglane for pensjon frå folketrygda av omsyn til personar med tidlegare utanlandsopphald.

Den norske kyrkja står sterkt i folket. Den delen av dei fødte som blir døypte, har vore stigande sidan 1990, og er no på vel 84 %. Den aukande oppslutninga om dei kyrkjelege handlingane kan ein sjå som eit uttrykk for større religiøs interesse blant folk. Det inneber ei utfordring til kyrkja om å røkte ein 1000-årig kristenarv i spenninga mellom tradisjon og fornying.

Regjeringa har komme med framlegg om nye lover for Den norske kyrkja, om kyrkjegardar, kremasjon og gravferd og om fondet til Opplysningsvesenets. Framlegga inneber ei vidareføring og fornying av den kyrkjelege lovgjevinga, og dei siktar særleg mot å modernisere dei rettslege rammevilkåra for verksemda i den lokale kyrkja.

Stortinget har vedteke tiårig grunnskole og skolestart frå seks år med verknad frå 1. juli 1997. Læreplanverket for tiårig grunnskole er under utarbeiding, og framlegg til læreplanar for fag er sende på høyring. Arbeidet byggjer på Læreplan for grunnskole, vidaregåande

opplæring og vaksenopplæring, Generell del, som alle- reie er innført.

Dei fleste kommunane er i ferd med å førebu refor- ma. Om lag 40 % av seksåringane hadde allereie ved utgangen av 1994 eit tilbod i lokala ved skolen. 80 % av kommunane hadde til saman plass til om lag 60 000 seks- til niåringar i skolefritidsordningar. Regjeringa la i kommuneøkonomiproposisjonen for 1996 fram kost- nadsutrekningar for grunnskolereforma. Eit fleirtal i Stortinget slutta seg til det økonomiske opplegget slik det vart presentert i proposisjonen.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om prinsipp og retningslinjer for tiårig grunnskole.

Det regjeringsoppnemnde opplæringslovutvalet lever- te i juli utgreiinga «Ny lov om opplæring», m.a. med framlegg til samordning av opplæringslovgjevinga. Ut- greiinga er no på høyring.

Reform 94 synest å verke etter føresetnadene. Fylkes- kommunane har gjort ein stor innsats med gjennomfø- ringa av reforma. Nye læreplanar er tekne i bruk i heile landet, og retten til vidaregåande opplæring er oppfylt for søkjarar både til grunnkurs og vidaregåande kurs I. Reforma har ført til at ein større del av ungdommen følgjer normal progresjon i opplæringa etter grunnsko- len enn tidlegare.

Vaksne er også ei viktig målgruppe i reforma. Arbei- det med å leggje tilhøva til rette spesielt for denne grup- pa held fram. Det er gledeleg å sjå at fylkeskommuna- nene har rapportert at det ved skolestart var 6 000 færre i denne gruppa utan tilbod om skoleplass enn på same tid i fjor.

Hausten 1995 er det oppretta 6 228 nye studieplassar. Sidan 1988 har studenttalet auka med om lag 65 %. Det totale talet på studieplassar kom i haust opp i vel 170 000. Kapasitetsauken i år skuldast først og fremst at universitetsfakulteta for realfag, humaniora og sam- funnsvitskaplege fag på nytt er opna på nasjonal basis ved hjelp av ei tildeling av 4 500 nye studieplassar. Det er elles særleg helse- og sosialfag, lærarutdanningane og hovudfag som har fått auka kapasitet.

Dei statlege høgskolane har fått tilbakemelding om moglege satsingsområde og visse knutepunktfunksjonar innanfor Noregsnettet som grunnlag for vidare utvikling av framtidige studietilbod. Universiteta er bedne om å drøfte fagprofilen ved eigen lærestad vidare og komme med framlegg om spesialisering og arbeidsdeling seg i- mellom.

Det er vedteke ei felles lov for universitet, vitskaplege og statlege høgskolar. Som ei følgje av lovvedtaket vil Universitetet i Trondheim med Noregs tekniske høgsko- le bli omorganisert til Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet. Eit offentleg utval er oppnemnt for å greie ut den framtidige fagstrukturen ved det nye universitetet, medan ei intern arbeidsgruppe vurderer ny administra- sjonsordning.

Det er vedteke visse endringar i lov om utdannings- stønad. M.a. blir talet på terminforfall auka frå to til fi- re, betalingsutsetjinga blir korta ned, og lågterminord- ninga fell bort.

Det er ei målsetjing for norsk utdanning at norske elevlar, lærlingar, studentar, lærarar og instruktørar i grunnskole, vidaregåande opplæring og høgare utdan- ning skal bli personlege edb-brukarar i den forstand at dei kan utnytte informasjonsteknologi i arbeid og læ- ring. Det er slått fast i ei stortingsmelding om IT i ut- danninga og i den planen for IT i utdanninga som Kyr- kje-, utdannings- og forskingsdepartementet har lagt fram. I planen blir det lansert ei rad konkrete tiltak for introduksjon og bruk av IT i utdanningssektoren.

Det blir arbeidd med å leggje til rette for ein samla innsats når det gjeld opplæringstilbod for vaksne og kompetanseutvikling i arbeidslivet. Kompetanseprosjek- tet for folkehøgskolen er avslutta. Som ei oppfølging av handlingsplanen for betre utnytting av kompetansen til innvandrarane har eit utval levert utgreiinga «Opplæring i et flerkulturelt Norge» om opplæring på alle nivå i utdanningssystemet. Utgreiinga er send på høyring.

Den siste forskingsstatistikken viser at dei totale norske utgiftene til forskning og utviklingsarbeid utgjorde i 1993 om lag 1,95 % av BNP, ein svak auke samanlik- na med 1991. Frå 1991 til 1993 var det ein reell vekst i FoU-innsatsen så vel i instituttsektoren som i universi- tets- og høgskolesektoren. Vidare vart den tidlegare nedgangen i investeringane i FoU frå næringslivet er- statta av ein årleg vekst på 4,3 % i perioden 1991 til 1993. Dei offentlege løyvingane til forskning vart i 1994 ført vidare på om lag same nivå.

Regjeringa legg stor vekt på å få til ei meir effektiv organisering av instituttsektoren. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har i samband med det lagt fram egne retningslinjer for statleg finansiering av in- stituttsektoren. Departementet arbeider også for å få til ei omorganisering av den utanrikspolitiske og sosialpo- litiske instituttsektoren.

Gjennom EØS-avtala tek Noreg fullt ut del i dei fel- les forskingsprogramma i EU. Det fjerde rammepro- grammet for forskning tok til hausten 1994. Det har vore lagt stor vekt på å spreie informasjon til norske fors- kingsmiljø og på å stimulere til norsk deltaking i pro- sjekt. Aktivitetane innanfor programmet er enno ikkje fullt ut komne i gang, men så langt ser prosjekt med norsk deltaking ut til å få godt gjennomslag. Meir enn 30 % av framlegga med norske deltakarar vil truleg få finansiering frå EU. Det er godt over gjennomsnittet for medlemslanda.

EUs handlingsprogram for utdanning, Sokrates og Leonardo da Vinci, vart sett i verk i første halvår 1995. I samsvar med EØS-avtala tek Noreg del i begge pro- gramma på lik linje med EU-landa. Arbeidet med gjen- sidig godkjenning av yrkeskompetanse innanfor EØS held fram.

Arbeidet med å følgje opp meldinga om norsk kulturpolitikk held fram. Ei ny ansvarsdeling mellom forvaltningsnivåa for i alt 44 kulturinstitusjonar er gjennomført frå 1995. Nødvendige endringar i ved- tektene for desse institusjonane, m.a. når det gjeld styresamansetjing, blir gjennomførte dette året. Ruti-

nar for kontakt og samarbeid mellom institusjonane, departement, fylkeskommunar og kommunar er i ferd med å bli utvikla.

For institusjonar innanfor biletkunst og kunsthåndverk har den endra finansieringsordninga ført til ei monaleg styrking av budsjettet. Ein nasjonal plan for formidling av biletkunst og kunsthåndverk er utarbeidd.

Kulturtiltak for og med barn og unge har fått ein markert auke ved at institusjonar og fond med statleg tilskott er pålagde å prioritere satsing på barn og ungdom. Det er lagt auka vekt på kor viktig det er å styrkje tilbodet i storbyane. Det er utarbeidd ein handlingsplan for å styrkje kulturdimensjonen i grunnskolen.

Ei interdepartemental arbeidsgruppe samordnar innsetsen for å betre den estetiske utforminga av omgjevningane våre. Det er utarbeidd ei rettleiing for korleis estetiske spørsmål i tilknytning til bygg og anlegg i staten skal behandlast. Eit felles designprogram for utforming av dokument frå regjering og departement m.m. er under utarbeiding.

Regjeringa har søkt Den europeiske unionen om at Bergen skal få status som europeisk kulturby.

Regjeringa har lagt fram ein proposisjon for Stortinget om å utvide EØS-avtala til å omfatte kultursamarbeid. Dersom Stortinget gjer vedtak i samsvar med proposisjonen, tek Regjeringa sikte på eit aktivt engasjement innanfor ramma av den utvida EØS-avtala.

Eit depotbibliotek for lite brukt litteratur flytta våren 1995 inn i eit nybygg ved nasjonalbibliotekavdelinga i Rana. Dermed er eit gammalt ønske frå heile biblioteksektoren oppfylt, og mange bibliotek får frigjort hyllekapasitet for ny litteratur, samtidig som tilgangen til det eldre materialet er sikra ved at eitt eller fleire eksemplar vil vere tilgjengelege gjennom fjernlån til alle bibliotek i landet.

Fleire nye museumsbygningar er tekne i bruk siste året. Nokre av dei er fullt ut statsfinansierte, slik som utvidinga av Arkeologisk museum i Stavanger og Norsk Folkemuseum. Andre er finansierte gjennom ein kombinasjon av statstilskott, regionale og lokale tilskott, og i nokre tilfelle ved private midlar. Konkret kan ein nemne nybygga for Varanger Samiske Museum, Vikingmuseet i Borg, Nordfjord Folkemuseum og Jærmuseet.

For Tullinløkka, dvs. området mellom Historisk museum og Nasjonalgalleriet i Oslo, blir det no arrangert ein arkitektkonkurranse for å få skissert løysingar for ei utbygging som vil kunne gje monaleg betre rammevilkår for dei musea det gjeld.

Ein held på med omfattande sikringsarbeid på bygningen ved Nasjonalgalleriet.

I regi av Kulturdepartementet og Norsk språkråd arbeider ein for at reglane i lov om målbruk i offentleg teneste i større grad skal etterlevast. Det har funne stad ei klar betring dei siste par åra.

Dei kunstnarpolitiske verkemidla er under evaluering i nær dialog med kunstnarorganisasjonane. Ei undersøking av levekåra blant kunstnarane, og ei undersøking av yrkesaktiviteten til kandidatar frå dei kunstfaglege skolane er under utarbeiding.

Statistikkgrunnlaget på kulturområdet er ikkje tilfredsstillande utbygd. Det er sett i gang eit arbeid for å betre og for å utvikle ein komparativ kulturstatistikk som opnar for samanlikningar mellom landa.

Regjeringa har som eit ledd i å styrkje allmennkringkastinga, gjort framlegg om å omorganisere Norsk rikskringkasting frå stiftelse til statsaksjeselskap og om å opprette ein tilleggs kanal for NRK-Fjernsynet. Samtidig blir det gjort framlegg om å opprette eit eige selskap eigd av Norsk rikskringkasting og Telenor AS som skal stå for drift og anlegg av kringkastingssendarar og overføringslinjer.

Overetablering har ført til at det er vanskelegare å skaffe inntekter innanfor nærkringkastingssektoren. Regjeringa har fått tilslutning frå Stortinget til ei rekkje tiltak for å styrkje næringa, m.a. ei viss utviding av konsesjonsområde, høve til samsendingar mellom nærradioar og samarbeid mellom lokal fjernsynskonsesjonærar og TV 2, eller andre produsentar, om programproduksjon.

Regjeringa har sett i verk ein omfattande handlingsplan mot vald i biletmmedia. Ei rekkje tiltak er sette i gang. Eit av kjernepunkta, ved sida av å avgrense den spekulative valden, er å gje barn og unge auka kunnskap og forståing for det levande biletet.

Stortinget har vedteke omfattande endringar av lov om opphavsrett til åndsverk m.m. Åndsverklova er den viktigaste kulturlova vår. Dei endringane som no er gjorde, utviklar vidare det nordiske systemet som i stor grad sikrar at den som skaper eit åndsverk, kan ta hand om dei økonomiske interessene sine på ein slik måte at det igjen gjev grunnlag for å halde fram med skaparverksemda. Delrevisjonen omfattar endringar i avgrensinga av eineretten til opphavsmannen, at fotografilova blir oppheva, og at fotografivernet blir teke inn i åndsverklova. Vidare er vernetida for åndsverk i samsvar med vernetidsdirektivet i EU lengd frå 50 til 70 år.

197,5 mill. kr av midlane til idrettsanlegg er sette av til anlegg i kommunane. For å sikre ei betre politisk styring av desse midlane er det frå 1995 stilt krav om kommunale delplanar for tildeling av spelemidlar til anlegg i kommunane.

Vidare er det sett av vel 7 mill. kr til anlegg for friluftsliv i fjellet og 68 mill. kr som siste utbetaling til OL-anlegga. Ski-VM 97 i Trondheim får 11,6 mill. kr og Hall-i-nord-prosjektet (fotballhallar) får 16,2 mill. kr. Idrettshall på Svalbard er tildelt 5 mill. kr.

Utover det vanlege tilskottet til Norges Idrettsforbund (NIF) på 191,5 mill. kr tildelte Regjeringa NIF midlar til antidopingarbeid, tiltak for barn, unge og kvinner og dertil til OL-deltaking i Atlanta.

Regjeringa har i 1995 ført vidare tiltak i dei fire største byane for å betre idrettstilbodet til uorganisert ungdom.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majesteter, Deres Kongelige Høyhet! Det 140. Storting som Deres Majestet i dag har åpnet, går til sin

ansvarsfulle gjerning i en tid hvor det internasjonale samfunn fortsatt er preget av uro og uforutsigbarhet. Viktige begivenheter i den siste tid gir imidlertid grunnlag for en viss optimisme for fremtiden. Dette gjelder både den tilnærming som man nå øyner mellom de krigførende parter i det tidligere Jugoslavia, og ikke minst den videreføring av Oslo-avtalen som det nylig er oppnådd enighet om mellom Israel og PLO. Alt dette viser at det nytter å kjempe for fred.

Samtidig er det viktig å ha i tankene, nå ved FN's 50-årsjubileum, at kampen for fred stadig må vinnes, og at kampen neppe vil lykkes så lenge mennesker lever under uverdige vilkår. Ingen nasjoner er berettiget til å fremføre selvskryt for sin innsats, men det må være lov å fremheve at Norge er blant de 15-20 land som trofast har stilt opp for FN, bl.a. med faste bidrag til FN's fredsbevarende operasjoner. Siden slutten av 1940-årene har vårt land avgitt nesten 40 000 soldater til FN's tjeneste. Det er gledelig, Deres Majestet, at trontalen bærer bud om et fortsatt sterkt engasjement for å videreføre og styrke De forente nasjoners fredsbevarende arbeid, og at 50-årsjubileet benyttes til å sikre økt internasjonal oppslutning om organisasjonen.

I forbindelse med 50-årsjubileet for frigjøringen tidligere i år deltok hele befolkningen gjennom mangfoldig og verdig markering til minne om alle dem som bidrog til at Norge i mai 1945 kunne fremstå som en fri nasjon. I dag skal vi ta lærdom av erfaringene fra den gang. Dette gjelder også når nasjonalismens aggressive sider på nytt viser sitt sanne ansikt i vår del av verden. La oss ikke tillate at slike onde krefter får spillerom. La oss stå sammen om å bekjempe intoleransen og likegyldigheten og å hindre at det skapes grobunn for rasisme, fremmedfrykt og hat.

Trontalen viser at mange viktige saker vil komme til behandling. Disse knytter seg for en stor del til de utfordringene som står fremst i vår bevissthet, slike som menneskevern, natur- og miljøvern og forvaltningen av våre rike naturressurser. Kampen mot vold og narkotika og innsatsen mot kriminalitet vil stille store krav. Det vil også den videre utbyggingen av vårt sosial- og helsevesen og videreføringen av utdanningsreformen.

Fortsatt vil det i enkelte saker være ulik oppfatning blant representantene. Jeg er imidlertid sikker på at hver enkelt av oss vil bestrebe seg på at våre beslutninger vil bli til gagn for vårt land og folk. I tillegg vil vi i tråd med våre beste tradisjoner gi vårt bidrag til mennesker i de deler av verden der ufred, undertrykkelse og nød hersker.

I forvisning om at representantene vil gjøre sitt ytterste for å løse de mange og store oppgaver som ligger foran oss, samler vi oss i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette ønske, og alle de tilstedeværende sang deretter første vers av fedrelandssangen, «Ja, vi elsker».

Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

Presidenten: Presidenten vil foreslå at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for å behandles i et senere møte – og anser det for vedtatt.

Møtet hevet kl. 13.50
